

Monstermotstanden mot nynorsk i riksavisene er om lag like gammel som avisene sjølve, eller nynorsken, for den del

les Svein Olav Langåker på kommentar plass s. 2

NR 6 • 2010 • ÅRGANG 9 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Berre bokmål

Mange kommunar reagerer no på at ein berre får byggesøknadar på bokmål.

Side 5

Læreverk

Ei samla liste over skulebøker for innvandrarak som skal lære nynorsk, er på plass.

Side 5

Mål og meining

Kulturministeren slår fast at det vil ta tid å gjennomføre tiltaka i språkmeldinga.

Side 8-10

KrF-prinsen



Foto: Lillian og Lena

Knut Arild Hareide (38) meiner han er sterk nok til å ta over styringa i KrF.

• Sjå s. 12-13

Heidra skule



Foto: Ingrid Hillestad

Kulturskulen i Fjell kommune har i dag 570 elevplassar. Nyleg vart kommunen heidra med tittelen Årets kulturskulekommune av Norsk kulturskuleråd.

• Sjå s. 22



(Foto: Fjordabladet).

Ungt engasjement

Joakim Kyrre Myklebust (23) stod i bresjen for å etablere ein eigen rockescene for ungdom i heimkommunen Eid. Ungdommane trudde 2-3 månader skulle vere nok til å realisere prosjektet. I staden tok det

fire og eit halvt år. Det handlar om å aldri gi opp, er Myklebust sitt råd til andre ungdommar som brenn for noko.

• Side 6 og 7

BRUK
LNK
KORTET

MOT TIL Å MEINA

Den nasjonale valkonferansen
10. og 11. mars 2011
på Hotell Bondeheimen i Oslo

SNAKK MED OSS

– då gidde me kanskje stemma

Fullt program inne i avisa

Arrangør: "Mot til å meina" i samarbeid med KRD, LNK, LLA, Kommunalbanken, Fagforbundet og dei tre kommunane Hjelmeland, Sauda og Time.



Vil du bli politisk?

Korleis skal ein engasjere ungdom politisk? Spørsmålet er i vinden, og fleire aktørar er på banen for å finne svaret. Medan LLA har sitt valprosjekt Ung og engasjert, står mellom andre Garborgsenteret bak prosjektet Mot til å meina. Felles for prosjekta er ideen om å skape politisk engasjement blant unge, målet er fleire unge på listene ved neste lokalval og fleire unge som ynskjer å bruke røysteretten sin.

– Me må vera villige til å gi ungdommen makt for å skape og halde ved like politisk interesse. Diverre er me ofte meir interessert i å lære ungdommane opp i det politiske spelet framfor å gi dei makt, kommenterte Frank H. Aarebrot til ABC Nyheter tidlegare i år.

Men kva er eigentleg politikk? Er det berre vanskelege ord og tunge bunkar med dokument? Handlar ikkje politikk også om ungdommane sin kvardag?

Ei klok stemme sa ein gong at alt er politikk. – Politikk er kjedeleg, seier mange ungdommar, men det er før dei oppdagar at både skulekvardagen, fritidsaktivitetane og opningstidene i idrettshallen er politikk. Då blir tonen fort ein annan.

Ja, ungdommane må truleg få makt for å bli engasjerte. Men det er slett ikkje så sikkert at ein løyser problemet ved å senke røysteretten til 16 år. Nokre 16-åringar er ganske sikkert klare for å røyste ved eit lokalval, andre er det garantert ikkje. Positivt er det uansett at fleire kommunar no får prøve dette ut for å sjå om det fungerer.

Kanskje det beste tipset for å stimulere til engasjement blant unge er at politikarane tek seg tid til å snakke med ungdommane, og ikkje berre til dei. Møt dei på deira eigen heimebane og slå av ein prat om kva som skjer i livet deira. Då kan det hende resultatet blir eit nytt namn på lista, ei ekstra stemme i valet, eller rett og slett berre ein god diskusjon. For alt er jo politikk.

Joakim Kyrre Myklebust frå Eid kommune er ei av eldsjelene bak den lokale rockescenen som opna no i vår. Ikkje ver passiv, men ring, er hans råd til ungdommane som ynskjer å få til noko. Kanskje er det eit råd som også kan høve for politikarane?



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Bokmålsfundamentalistane



KRONIKK

Er lågmoms det som skal til? Redaktørane i dei to største nettavisene i Noreg likte det dårleg då Norsk Målunddom hjalp dei med å laga eigne versjonar av avisene, maskinelt omsette til nynorsk. Dagbladet-redaktør Lars Helle blei så oppøst at han stoppa nynorskdb.no på mindre enn eit døger. Eigentleg burde han berre vera nøgd. Kvar ekstra annonsevising som stuntet bidrog til, førte til ekstra inntekter for Dagbladet.

”Identitet.” ”Tradisjon.” ”Dette er noko me har bestemt.” Det var dei beste forklaringane dei kunne koma opp med på spørsmålet om kvifor deira eigne journalistar ikkje får bruka nynorsk på jobben. Ikkje heilt ukjent argumentasjon for andre mørkemenn – som tek avgjersler på vegner av andre i krikar og krokroar elles i samfunnet. Men sidan dei ikkje klarar å finna andre argument, så er det kanskje ikkje så gale likevel? Ein gong må vel trollet sprekka?

Monster-motstanden mot nynorsk i riksavisene er om lag like gamal som avisene, eller nynorsken, for den del. Men måten me kommuniserer på, har endra seg. Avstandane

har blitt kortare. Nettavisene til Dagbladet og VG har fleire lesarar enn papirmødrene sine. Dei er også vortne meir riksaviser. Enno er hovudstaden navlen i verda, men også i fleire lokalsamfunn spreidde ut over heile Noreg er VG Nett det mest lesne mediet – og tovegskommunikasjonen med lesarane aukar. Då er det litt merkeleg at dei ikkje kan godta begge dei to offisielle målformene i kongeriket Noreg. Viss dei verkeleg har ambisjonar om å vera riksaviser og kommunisera med lesarane sine, meiner eg.

For to år sidan hoppa fleire redaktørar ut og ropa om åtak på yringsfridomen. Friske taktar frå Språkrådet femnde forslag om å bruka økonomiske verkemiddel for å la avisjournalistane få bruka begge dei offisielle norske målformene. Det byrja med at bokmålsbrukar og tidlegare radiodirektør i NRK, Tor Fuglevik, føreslo å knyta momsfrittaket til avisene til bruk av begge målformene. Aviser som nektar bruk av begge målformer, burde mista pressestøtta, både når det gjeld den direkte pressestøtta og momsfrittaket.

Kulturdepartementet skal no handsama tilrådingane frå Mediestøtteutvalet. Eit lite juleønske er at departementet ser nærmare på forslaget til Fuglevik. Dersom departementet til dømes kjem fram til lågmoms for nettavisene, så kunne det vore heilt fint om dei knytte dette til om den enkelte riksavisa tillèt begge målformene eller ikkje. Når norske aviser får pressestøtte som momsfrittak, er det for å fremja presseideal som fri informasjon, debatt og samfunnskritikk. Men det er også for å fremja det norske språket – i begge sine offisielle målformer. At osloredaktørane ikkje forstår dette, har lite med toleranse og mangfald å gjera. Det kunne jo vera kjekt å sjå om ei gulrot som lågmoms kunne endra på dette?

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR!



MAGASINETT



DAG OG TID



FRAMTIDA.NO



SITATET:

– Det tyngste er at leiinga ikkje er oppteken av det. Eg får ingen signal om at nynorsk er viktig.

Journalist Silje Sande til NPK om nynorsk i NRK

Språkrådet: ”Lagret lengst – verdt å vente på”



Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

”Lagret lengst – verdt å vente på” heiter det i ein reklametekst for eit velrenomert bryggeri. Mest som Språkrådet. Kulturstatsråden har nyss oppnemnt eit nytt styre for rådet som i ein periode no har vore utan både direktør og styre.

Den første store oppgåva for styreleiar Ottar Grepstad og resten av styret vil vera å få på plass ein ny administrativ leiar. Sylfest Lomheim har vore ein sterk og profilert leiar gjennom seks og eit halvt år, og det skal godt gjerast å finna hans like. Men det er ikkje sikkert at det er hans like Språkrådet treng denne gongen. Ein god leiar evnar å finna personar med kompetanse og stil som utfyller eigne eigenskapar, og her er det mange ressursar å spela på, både i og utanfor Språkrådet.

Dette hastar. Etter at stortingsmelding nr. 35 (2007–2008), Mål og mening, gav Språkrådet og Kulturdepartementet eit overordna, sektorovergripande ansvar for å forvalta ”ein heilskapleg norsk språkpolitikk”, står Språkrådet

framfor store oppgåver og eit enormt forventningspress. Rådet har nok ikkje noko sterkt ønske om å stå fram som eit superdirektorat, men det skal mykje godt informasjonsarbeid til for at det ikkje blir slik ...

Ivinter sender Språkrådet, i samarbeid med Nynorsk kultursentrum og Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, ut eit spørjeskjema til ein del norske kommunar. Målet er å kartleggja haldningar til språk. For oss som har kommunebriller på, er det gledeleg at Språkrådet no tek på seg eit fagleg ansvar også for dette forvaltningsnivået.

Kven som har ansvar for språket i ein kommune, er ikkje opplagt. Sjølv sagt har rådmannen per definisjon ansvar for alt som skjer, men kva etat har det faglege ansvaret for språk? Er det skulekontor, kulturkontor, rådmannskontor eller kanskje biblioteket? I nokre få kommunar er dette definert i det kommunale planverket eller i delegasjonsregelverket,

men desse kommunane hører til unnataka. Her trengst ein innsats, mellom anna frå Språkrådet.

Ispråkmeldinga står det lista opp godt over 100 meir og mindre konkrete tiltak som skal gjennomførast for å vitalisera norsk språk. Fleire av desse oppgåvene er formidable. Kulturdepartementet har det overordna ansvaret for at oppgåvene blir løyste, men det er Språkrådet som er utøvande organ og skal gjera jobben.

Norsk Språknemnd vart skipa i 1952. Seinare har nemnda, Norsk Språkråd og Språkrådet traska lenge langs dårlege vegar med avgrensa utsikt, for ikkje å seia utsikter. Med nytt styre, ny direktør og nye omfattande og viktige ansvarsområde kjem dei no til eit vegskilje. Rådet har vore lagra lenge, men me trur det har vore verdt å venta på.

Kven som har ansvar for språket i ein kommune, er ikkje opplagt. Sjølv sagt har rådmannen per definisjon ansvar for alt som skjer, men kva etat har det faglege ansvaret for språk?

Antikvariske politikarar



Hjelmeland-ordførar Björn Laugaland nyttar høvet til å spørje sambygding Kjøll-Petter Hetland om han vil stille på nominasjonslista til partiet hans. (Foto: Elin Moen Karlsen)

Det finst altfor mange antikvitetar som meg i politikken i dag, slår Venstre-politikar og klovn Per Inge Torkelsen fast.

AV ELIN MOEN KARLSEN
bladstova@lnk.no

Torkelsen nærmar seg 60 år, og han har vore politisk aktiv sidan slutten av 60-talet. Den første gongen han verkeleg viste fram sitt politiske engasjement, var det innføring av fargefjernsyn han demonstrerte mot.

– Eg er vel ikkje akkurat stolt av det nå, men eg hadde i alle fall tenkt sjølv. Eg ville prøve å gjere ein forskjell, seier 57-åringen som deltok på ei Mot til å meina-samling i Strand kommune. Det er viktig å bruke hovudet og engasjere seg, legg han til.

Nettopp det har Synnøve Kvamme (19) i Granvin ungdomsråd og Bevar Hardanger gjort. Ho har kjempa i fem år mot staten si kraftutbygging i heimbygda. Ho har demonstrert mot utbygginga både lokalt og utanfor Stortinget, uttalt seg i fleire media og snakka med sentrale politikarar. Du tenkjer kanskje at det er nokre andre som kan kjempe for sakene du bryr deg om, men kva om alle tenkte slik? spør ho dei rundt 50 andre- og tredjeklassingane ved studiespesialiseringa på Tau.

Sjølv er ikkje Kvamme aktiv i eit politisk parti, men har tru på at du kan vere politisk engasjert utan å vere med i eit parti. Ho meiner det burde vore lovfesta at alle kommunar skal ha eit ungdomsråd.

Hjelmeland kommune har eit ungdomsråd, men det er få ungdommar som står på listene til dei lokale politiske partia. Eg er 53 år og den yngste ordførarkandidaten i Hjelmeland ved neste val. Slik kan det ikkje vere, slår ordførar Björn Laugaland fast.

Han oppmodar innstendig dei unge om å engasjere seg i lokalpolitikken: Vi treng hjelp. Engasjer dykk uavhengig av kva de måtte meine.

LNK-avisa rettar

I førre nummer av LNK-avisa vart diverre feil journalist kreditert for reportasjen frå Nynorske litteraturdagar i Aurland. Det var ikkje Ingrid Hillestad som skreiv reportasjen, men derimot Maria Torheim. LNK-avisa beklager.



Landssamanslutninga
av nynorsk kommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar

Solfriid Borge
Laura Seltveit
Rune Øygaard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Søknader berre på bokmål

Fleire kommunar reagerer no på at det ikkje er mogleg å få tak i byggjeskjema på nynorsk. Standard Norge har ingen planar om å endre på dette.

JUDITH SØRBUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Teknisk sjef i Seljord kommune, Kåre Groven, er ein av dei som gjerne skulle sett at skjema i samband med til dømes byggjesøknader, delingssøknader eller nabovarsel var å finne på nynorsk. Etter innføring av ny plan- og bygningslov no i sommar kom det ein heil del nye skjema, men desse er berre tilgjengelege på bokmål.

– Me har klaga på dette, men fekk beskjed om at det ikkje var aktuelt å produsere skjema på nynorsk, seier Groven, som difor mot sin vilje måtte tinge skjema på bokmål.

ETTERSURT NYNORSK

Det er Standard Norge som har revidert byggjeskjema etter ny plan- og bygningslov på oppdrag frå Statens bygningstekniske etat. Tidlegare har dei ulike distributørane hatt høve til å produsere PDF-filer og trykte utgåver av skjema sjølv, og då også på nynorsk. No er det berre Standard Norge som produserer slike skjema, og dei har ingen planar om å produsere dei på nynorsk.

Sem & Stenersen Prokom AS er ein distributørane som Standard Online har inngått samarbeid med. Seksjonssjef Nina Bjerkreim-Hanssen viser til at dei er kontakta av tre-fire kommunar som ynskjer materialet på nynorsk.

– Me har ved fleire høve etterspurt

blankettane på nynorsk, men får stadig beskjed om at Standard Online ikkje ville ta kostnaden med omsetjing så lenge informasjonen er tilgjengeleg på begge målformer i nettbasen ByggSøk, seier ho.

LNK-avisa har prøvd å søkje via ByggSøk og opplevde at fleire av informasjonssidene før ein kjem fram til sjølve søknadsskjemaet, berre er tilgjengelege på bokmål.

Hanssen meiner kommunar som ynskjer materialet på nynorsk, bør leggje press på Standard Norge og Statens bygningstekniske etat. Ho viser også til at Prokom tilbyr ei alternativ løysing som kan bli omsett til nynorsk dersom det er tilstrekkeleg med kommunar som ynskjer det. Også denne løysinga finst berre på bokmål i dag.

INGEN PLANAR

Administrativ direktør i Standard Norge, Trine Tveter, viser til at firmaet i dag ikkje har planar om å omsetje skjema til nynorsk. Det er det ikkje økonomi til, meiner ho.

– Men forstå du at dette blir eit problem for mange nynorskkommunar?

– Absolutt. Det er ei tilbakevendende utfordring at materialet berre er på bokmål. Men me klarer ikkje å finansiere ei omsetjing slik det er no. Og som sagt er skjema på ByggSøk tilgjengelege på både nynorsk og bokmål. Me ser dessutan at det stadig blir mindre bruk av skjema på papir. Stadig meir av dette går no føre seg på nettet.

Ho viser elles til at firmaet har ein god dialog med Språkrådet og Kulturdepartementet. Som resultat av dette blir det i første kvartal neste år lansert eit prosjekt med termar både på nynorsk og bokmål.

– Det kan vere mogleg å utvide dette prosjektet til å også omhandle andre skjema, men utanom det har me ingen planar om å omsetje byggjeskjema til nynorsk, slår Tveter fast.



BERRE BOKMÅL: Mange kommunar slit no med at ein berre får byggjesøknader tilgjengelege på bokmål, og ikkje nynorsk. (Illustrasjonsfoto: Judith Sørbus Littlehamar)

Sammlar nynorske læremiddel

No er det kome ei nettbasert oversikt over nynorsk læremateriell for minoritetspråklege vaksne.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Oversikta finst på heimesidene til Nynorsksenteret i Volda, og her finn ein forslag til læreverk for elevar med og utan skulebakgrunn og lærebøker for utanlandske studentar.

Lista er blitt utarbeidd for ei ressursgruppe nedsett av Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansopolitikk. Grappa har fått i oppgave å sjå på kva læremiddel som finst på nynorsk for minoritetspråklege vaksne, og ikkje minst sjå på kva det trengst meir av.

Arild Torvund Olsen frå Nynorsksenteret sit i grappa som har fått denne lista utarbeidd. Han seier det no finst fleire læreverk i norsk for vaksenundervisninga, i tillegg til at det er mange einskilde bøker

som fyller ut andre fagområde. Men enno er det mykje ein kan ønske seg før ein får eit godt tilbud av læremiddel for vaksne.

– På Nynorsksenteret ønskjer vi til dømes å sjå meir på arbeidsretta tekstar, altså tekstar som vaksne vil ha bruk for å lese eller skrive i yrkeslivet, seier Torvund Olsen.

Grappa som arbeider saman med Vox, omfattar folk frå LNK, Ulstein kompetansesenter, Nynorsksenteret og lærarar frå kommunane Gloppen og Førde.

GJER ARBEIDET LETTARE

– Vi ønskjer ei samla liste over nynorske læremiddel for minoritetspråklege vaksne, seier rektor ved vaksenopplæringa i Flora, Erik Onstad.

I Flora får dei vel 140 elevane hans opplæring på bokmål. Det skuldast fleire ting, seier Onstad. Mellom anna tilgangen på nynorske læreverk, men òg ein tanke om at mange av asylsøklarane etter kvart skal vekk frå kommunen og dermed ut i eit samfunn der bokmål dominerer.

– Vi brukte nynorsk ein gong i tida, men

opplevde det som lite tenleg så lenge det var så lite materiell tilgjengeleg.

ALLTID EIT TEMA

At det no finst ein base med lister over alle ressursar som finst, var han ikkje klar over, men dette er han positiv til og han meiner det gjer ein skilnad. Å kunne gå ein plass og skaffe seg oversikt over det som finst, gjer det også enklare for skulen når dei eventuelt skal vurdere å bruke nynorsk i undervisninga att, meiner rektoren.

– Nynorsk er aldri eit dautt tema hjå oss, og vi er fleire her på skulen som er opptekne av det. At det kan vere store utfordringar knytte til at innvandrarar i ein nynorskkommune lærer å bruke bokmål som skriftspråk, ser han heilt klart.

– Det er eit dilemma at barna deira lærer og bruker nynorsk, medan foreldra lærer ei anna målform, seier Onstad.

MÅ VURDERE

Han vil likevel ikkje love at ein no går vekk frå bokmålsundervisninga, sjølv om meir



Arild Torvund Olsen.
(Foto: Privat)

nynorsk materiell er kome på bordet. Ei utfordring er til dømes at ein del vaksne som skal ta grunnskuleeksamen, gjerne har grunnutdanninga si på bokmål. Skulen er i tillegg oppteken av å drive undervisning på tvers av grupper og kull, og då meiner Onstad ein vil gjere det vanskeleg for elevane viss ein smeltar saman grupper som har lært seg ulike målformer.

– Men ja, vi vil stadig vurdere om vi skal byrje å bruke nynorsk att.



(Foto: Gunn Guddal).

Fekk etablert rockescene



Ikkje ver passiv når du ventar på svar, men ring, ring og ring, er Joakim Kyrre Myklebust (23) sitt råd til ungdommar som vil engasjere seg.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Myklebust har hatt eit brennande engasjement for å etablere ein rockescene for ungdom i heimkommunen Eid, der ungdom kunne kome innom for å øve, gå på konsert eller ha ungdomsklubb eller møter. Etter fire år med lobbyverksemd og hardt arbeid kunne han endeleg invitere til opning av rockescenen «Gymmen» i vår. Myklebust var ein av mange ungdommar som i 2006 var engasjerte i Malakoff Rockfestival i Eid kommune. Dette engasjementet, saman med ein idé frå Eid Ungdomsråd, enda til slutt opp i planane om å få til ein eigen rockescene.

– Det tok først av hausten 2006 då Ot-tar Schanke Eikum, som var med på å starte Malakoff Rockfestival i 2003, og eg møttest for å diskutere saka i Oslo. Me gjekk rett til handling, seier Joakim Kyrre Myklebust. Ideen om ein rockescene var ikkje ny. My-

klebust viser til at tilsvarende tiltak som Gymmen scene og studio har oppstått og forsvunne med jamne mellomrom sidan 1970-talet.

Det som er nytt, er lokaliseringa, kombinasjonen av øvingsrom og konsertlokale i same bygg, 20-års leigekontrakt på lokalet og samarbeid med Operahuset Nordfjord om drift og felles utstyrsark. Scenen kosta 4,5 millionar kroner.

VANSKELEG Å FINANSIERE

Då ungdommane byrja å engasjere seg, trudde dei 2-3 månadar skulle vere nok til å realisere heile prosjektet. I staden tok det fire og eit halvt år.

– Den største utfordringa var å finansiere bygget. Det tok tid, og me måtte gjennom krevjande byråkratiske prosessar. Det var vanskeleg å halde prosjektet gåande over så lang tid. Det tok fire år å finansiere bygget, og allereie ved prosjektoppstarten budde eg i Oslo. Seinare flytta eg til Berlin og Biarritz, og det gjorde det ikkje akkurat enklare å arbeide med grasrotengasjement i Eid. Men alt går, takka vere teknologien. Etter kvart fekk prosjektet støtte frå Norsk kulturråd, fylkeskommunen, Kommunal- og regionaldepartementet, Malakoff Rockfestival, Sparebanken Vest og ikkje minst folk som stilte på dugnad.

– Korleis gjekk de fram for å hente inn pengar?

– Me slo hardt i bordet, argumenterte for prosjektet og heldt fokus på vårt eige

(Foto: Gunn Guddal).



Joakim Kyrre Myklebust (t.v.) og arkitekt Oddleiv Hauge. (Foto: Fjordabladet).

UNGT ENGASJEMENT

Joakim Kyrre Myklebust (23) var drivkrafta bak å skape ein heilårs rockescene i heimkommunen Eid, der ungdommane kunne kome innom for å øve, gå på konsert og ha ungdomsklubb og møter. Prosessen starta i 2006, og no i vår opna scenen "Gymmen" i ein nedlagt gymsal. Prosjektet hausta mykje ros i kommunen, men prosessen med å finansiere scenen vart likevel krevjande.

prosjekt utan å rakke ned på andre prosjekt.

Og politikarane i kommunen gav god respons.

– Mange sa det var tipp topp, tommel opp, ungdommeleg engasjement og slikt. Den tidlegare fysikk læraren min ringte meg og var euforisk over at me hadde klart å realisere dette. Det var hyggeleg, slår Myklebust fast.

TURBULENT START

Men å få økonomisk støtte frå kommunen skulle vise seg å ikkje bli så enkelt.

– Det var ein turbulent start, der me gav uttrykk for at me var skuffa over å ikkje kunne bli tekne med i kinosalen på Operahuset. Etter kvart forstod me at argumenta mot var ganske gode. Parallelt tok Eid vidaregåande skule ved rektoren eit initiativ for å fristille den gamle gymsalen, som skulle byggjast om til studieverkstad.

– Dersom me ville ta ansvar for å skaffe finansiering til scenebygging, så skulle bygget vere avsett til det føremålet i 20 år. Fulle av pågangsmot sa me ja. Reint økonomisk gjorde kommunen det klart at det var

umogleg å støtte prosjektet. Me brydde oss ikkje om det, me var overbeviste om at dette prosjektet var så bra at finansiering skulle vere leikande lett.

– Kva ville du gjort annleis om du hadde starta i dag?

– Så mykje at eg ikkje kan byrje å fortelje om det.

BRUKTE FACEBOOK

Etter kvart kom Myklebust i kontakt med lysdesignar Kyrre Karlsen via Norsk Rockforbund. Han reagerte instinktivt på planane om å lage ein samlingsplass med mange aktivitetar. Det kom også godt med at han hadde god kompetanse på korleis ein kan skape medverknad og engasjement, og ikkje minst leidde han workshopar med lokale ungdommar. Det kom mange støttespelarar til prosjektet, og dei inngjekk også eit arkitekt samarbeid med arkitekt Oddleiv Hauge, som lenge hadde brunne for rockemiljøet i Eid. Han teikna heile bygget og konkretiserte ideane som ungdommane kom fram til.

– Det geniale med arkitekt samarbeidet var at me kunne kome oppom kontoret når me måtte ynskje, for å sjå korleis det gjekk med planlegginga, kommentere og diskutere. Me måtte altså ikkje via kommunen i tretten papirmøller.

Ungdommane valde å satse på Facebook for å skape blest om prosjektet. Tradisjonelle medium unngjekk dei derimot.

– Frå starten av hadde me ein idé om at me skulle bruke kommunikasjonsplattformer som var opne for deltaking. Artiklar i lokalaviser har ein tendens til å framstille prosjektet som noko fjernt og endeleg. Me hadde ein visjon på plass, men planane kom til etter kvart, seier Myklebust. På Facebook kunne kven som helst bli medlem i planleggingsgruppa, laste opp videoar og teikningar og diskutere kva innhald bygget skulle ha.

– Og ungdommane har i stor grad medverka til korleis huset og scenen har blitt. Det var òg målet for heile prosessen. Medverka har skjedd i form av planlegging, jungeltelegraf og dugnad.

FLAT STRUKTUR

Myklebust har mange meiningar om korleis ein kan skape engasjement blant unge.

– Eg er motstandar av det meste som er passivt. Passive utdanningsmetodar eller forbruk av TV i så stort monn som statistikken viser, er etter mi meining ikkje stimulerande for det personlege engasjementet. Ein skule der elevar i større grad brukar dialog som verktøy for meiningdanning, hadde vore nyttig. Eg er fasinert av "flashmobar", som er dansegrupper som oppstår spontant og deretter løyser seg opp igjen. Desse har flat struktur, alle kan delta, og der er ingen formalitetar.

– Når det er sagt, trur eg noko engasjement kan vekse ut av til dømes ein følt mangel eller eit sagn. Menneske møter andre menneske med fantasi og interesse, og dermed oppstår fellesskap som kan sprengje grenser. Menneskevennleg tettstadplanlegging og arkitektur kan mellom anna leggje til rette for at menneske møtest og ikkje berre køyrer forbi kvarandre.

GI ALDRI OPP

Myklebust sitt beste råd til andre ungdommar er: berre gjer det.

– Du kjem til å møte utfordringar undervegs. Når ein gjer feil, må ein beklage og korrigere. Samstundes skal ein krevje sin rett til å feile, slår han fast.

Han understrekar også kor viktig det er å aldri gi opp, men derimot ringe og ringe til nokon svarer.

– Sørg for at menneska som skal ta avgjerder, er oppdaterte, ver sikker på at dei har oppfatta kvifor ein treng støtte. Ring også dei om og om igjen, men ver høfleg.

Og sjå ting i større samanheng, legg Myklebust til. Det finst garantert nokon som driv med noko liknande ein plass, pakk teltet og reis på besøk til dei.

Arbeidsplassar til Gjøvik

Regjeringa flyttar no delvis Statens bygningstekniske etat frå Oslo til Gjøvik. Dette blir gjort fordi regjeringa meiner det er viktig å leggje til rette for kompetansearbeidsplassar over heile landet, heiter det i ei pressemelding. – Godt fungerande tettstader og byar er ein føresetnad for livskraftige regionar, tilflytting og verdiskaping, seier kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp). Planen er å flytte ein tredjedel av etaten ut av Oslo. Flyttinga skal vere gjennomført 1. januar 2012.

Idé-pris til Fjærland bygdautval

Fjærland får fylkesprisen for Iderike Bygdesamfunn 2010 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. I grunngevinga heiter det at Fjærland gir rom for tilflyttarar og nye idear, og har vist seg som ei kreativ bygd i lang tid. Ikkje minst har rundballefestivalen blitt ei merkevare for Fjærland. Prisen er eit diplom og 30 000 kroner.

Kongsvinger best på nett

Kongsvinger kommune er kåra til årets kommunale nettstad i Difi si årlege kåring.

Juryen peiker på at Kongsvinger står fram som ein utradisjonell og moderne representant for kommunane. Kongsvinger kommune har satsa stort på nettsider og bruk av sosiale medium dei siste åra, og kommunen har ved fleire høve blitt trekt fram som ein kommune i forkant.

Direktoratet for forvaltning og IKT, Difi, kårar kvart år offentlege nettstader i ulike kategoriar, og årets statlege nettstad vart Stortinget.no. Juryen meiner profileringa på nettstaden og rutinen med videooverføring av møte er eit døme til etterfølging. Prisen for best tilgjengelege nettstad gjekk til Forskingsetiske komitear.

Alle norske kommunar får sine nettstader vurderte og rangerte i forkant av kåringa, og resultatet for heile Kommune-Noreg finst på kvalitet.difi.no/resultat

Nordisk lesekonferanse i Stavanger

Rogaland fylkeskommune blir vert for Nordens største arrangement om litteraturen og lesinga til barn og unge. I februar 2011 skal konferansen haldast i Stavanger, og konferansen har fått namnet Maktens pluttifikasjon – den nordiske barne- og ungdomslitteraturkonferansen.

– Maktens pluttifikasjon vil handle om makt, klasseskilje og ny brytningstid, fortel prosjektleiar og kunstnarisk leiar Ine Marit Torsvik Bertelsen. – Aldri har mangfaldet innanfor barnelitteraturen vore større. Og utviklinga peikar i alle retningar.

Maktens pluttifikasjon har ein visjon om å vise fram ny barne- og ungdomslitteratur gjennom gode og truverdige formidlarar, og publikum får treffe forfattarar, omsetjarar, forlagsfolk og forskarar frå heile Norden og elles i Europa. Konferansen blir halden annakvart år og vart første gong arrangert i 1993.

Du kan lese meir om Maktens pluttifikasjon på bloggen: <http://maktenspluttifikasjon.wordpress.com/>.

SITATET:

– Jeg er stolt av hvordan bygdefolket tok imot Jens. Han ble møtt med smil og gjestfrihet, men også med tydelighet om hva vi mener om mastene.

Ordfører Jan Ivar Rødland (Ap) i Granvin herad til Kommunal Rapport om besøket av statsminister Jens Stoltenberg (Ap) før regjeringa snudde i mastesaka

Eit langt prosjekt



TAR TID: Kulturminister Anniken Huitfeldt (Ap) meiner det vil ta tid å fylgje opp tiltaka i språkmeldinga. (Foto: Wenche Nybo/KUD).

Me meiner me er godt i gang med å fylgje opp språkmeldinga, men det er framleis mykje som skal gjerast, seier kulturminister Anniken Huitfeldt (Ap).

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kulturministeren viser til at språkmeldinga er eit prosjekt ein aldri vil bli ferdig med.

– Meldinga skisserer ein ny og meir heilskapleg språkpolitikk på varig basis. Oppfølging av meldinga er slik sett eit permanent prosjekt, ikkje noko me skal bli ferdige med på eit gitt tidspunkt, slår ho fast.

Ho meiner språkmeldinga er det mest omfattande språkpolitiske grunnlagsdokumentet som er kome på mange tiår, ikkje minst sidan språkpolitikken no ikkje lenger

berre gjeld rettskrivings- og opplærings-spørsmål.

– Meldinga er viktig først og fremst fordi det er første gongen her i landet at det blir lagt opp til ein samla og systematisk språkpolitikk med eit heilskapleg perspektiv på språk og samfunn.

LOVAR OPPSTART

– Har departementet klart å fylgje opp språkmeldinga?

– Me vil generelt arbeide vidare med å styrkje nynorsken med grunnlag i dei prinsippa og med utgangspunkt i dei tiltaka som går fram av språkmeldinga. Det betyr ikkje nødvendigvis at alt vil skje nøyaktig slik det er skissert i meldinga. Nødvendige tilpassingar kan sjølvsagt kome på tale etter kvart som utviklinga går sin gang. Men det prinsippgrunnlaget meldinga byggjer på, vil liggje fast.

Regjeringa har ikkje starta arbeidet med å lage ei allmenn språkløp, dette arbeidet lovar kulturministeren vil ta til i 2011. Derimot er blant anna arbeidet med å få

etablert ein norsk språkbank, revisjon av nynorskrettskrivinga, etablering av Språkrådet 2013 og Vinjefondet i gang.

VIL STYRKJE NYNORSK

Kulturministeren meiner språkmeldinga er viktig fordi ho slår fast at meirverdien av å halde begge to skriftkulturane i hevd er langt større enn dei praktiske utfordringane som følgjer med.

– Meldinga avviser alle forsøk på å svekje det språkpolitiske fundamentet for nynorsken og slår fast at det er behov for eit meir systematisk arbeid for å styrkje nynorsk språk og den nynorske skriftkulturen på brei basis, meiner ho.

Fungerande direktør i Språkrådet, Sigfrid Tvittekkja, samtykkjer i at meldinga vanskeleg kan undervurderast som dokument, men understrekar samstundes kor viktig det er at dokumentet ikkje blir elitelesnad for forvaltninga.

– Det viktigaste for norsk språk er at folk tek i bruk norsk og held fast på norsk i dei samhengane som dei er vande til. Det

MÅL OG MEINING

Språkmeldinga Mål og mening vart lagd fram i 2008. Me stiller spørsmåla: Er regjeringa i gang med å gjennomføre det dei lovar i meldinga? Kva er det viktigaste tiltaket sett med nynorske auge?

er morosamt å arbeide i Språkrådet når ein ser kor engasjerte folk er, meiner ho.

GODT I GANG

Den fungerande språkdirektøren vil ikkje uttale dei store visjonane for det vidare arbeidet med å fylgje opp språkmeldinga. Det får vere opp til styret og den nye direktøren å lage dei langsiktige strategiane, synest ho.

– Korleis meiner du ein har klart å fylgje opp tiltaka?

– Det har ikkje vore noka evaluering av gjennomføringskrafta i meldinga, men dei tiltaka som Språkrådet har ansvar for, er kome godt i gang. Til dømes lyser me ut ei stilling i teiknspråk i desse dagar, og det er altså etter at meldinga gav teiknspråk offisiell status i 2008.

I tillegg viser ho til at ein har fått på plass ei terminologiteneste med tre stillingar og eit eige prosjekt om godt og klårt språk i staten.

– Språkrådet er godt i siget, men samstundes veit ein at det ikkje berre er å hive seg rundt når ein gjennomfører tiltak. Tiltaka skal jo bardunerast både her og der.

KOMMUNESAMANSLÅING

Tvittekkja meiner det er vanskeleg å rangere kva som er dei viktigaste tiltaka i meldinga.

– Dersom eg skal trekkje fram eit viktig signal, så er det at språkpolitikken no er «sektorovergripande», det vil seie at Kulturdepartementet har hovudansvaret for oppfølginga, men at alle departementa må ta meir språkpolitisk ansvar innanfor sine sektorar.

Ho understrekar at språk og nynorsk bør vere eit tema i all politikk. Dersom det til dømes blir aktuelt med kommunesamanslåingar, bør ein også sjå på språk som eit relevant inndelingskriterium.

– Kommunesamanslåing er ikkje tema i språkmeldinga, men det er døme på ein samheng der òg språk er eit omsyn. Det går dessutan tydeleg fram av kommuneproposisjonen at nynorsk språk er under press, og det er viktig at strukturelle endringar blir sedde i samband med tilbakegangen for nynorsk. Det er ikkje slik at eit språk misser brukarar heilt av seg sjølv. Ein må spørje seg om kva som skjer i til dømes skulepolitikken og i kommunepolitikken.

Etterlyser fagområde

Håvard B. Øvregård skulle gjerne ha sett at språkmeldinga hadde påverka regjeringa sitt arbeid på fleire område enn rein språkpolitikk.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Øvregård meiner mange av tiltaka i meldinga er viktige. Likevel er det nokre som peikar seg ut, blant anna utarbeiding av ein årleg språkpolitisk tilstandsrapport, lovfesting av ei samla språkpolitisk melding til Stortinget kvart fjerde år og utarbeiding av ei allmenn språkløve.

– Korleis meiner du regjeringa har klart å gjennomføre tiltaka i meldinga til no?

– Det er framleis for kort tid sidan meldinga vart vedteken, til at ein kan gi noka skikkeleg evaluering, men eg synest ein har kome for seint i gang med å setje ut i livet dei mange gode intensjonane i meldinga, meiner han og legg til: Den største svikten eg ser, er at språkmeldinga ikkje har hatt synleg påverknad på regjeringa sitt arbeid på andre område, til dømes i barnehagepolitikken.

GJELD ALLE FAGOMRÅDE

Språkmeldinga seier at det skal leggjast til rette for bruk av norsk språk generelt og nynorsk spesielt i alle sektorar i norsk samfunnsliv og i alle aktuelle språkbruksfunksjonar.

– Då er det ikkje godt nok at til dømes stortingsmeldinga *Kvalitet i barnehagen* ikkje nemner bruk av nynorsk i barnehagen. Skal språkmeldinga følgjast opp i praksis, føreset det at også kulturministeren sine statsrådskollegaer tek omsyn til at dei skal bruke norsk generelt og nynorsk spesielt på sine fagområde, slår han fast.

POLITISK VILJE

Øvregård meiner språkbanken er det største einskildtiltaket i språkmeldinga, og at satsing på språkteknologi er avgjerande for at ein skal klare å styrkje og halde ved like det norske språket. Likevel er det lovnaden om å arbeide for likestilling mellom bokmål og nynorsk som etter Øvregård si mening er det gjevaste i meldinga.

– For Noregs Mållag var det viktigaste med språkmeldinga at ho så tydeleg stadfester eit språkpolitisk mål om å gjere nynorsk meir reelt likestilt med bokmål, og at ho uttrykte ein klar vilje til å bruke politiske verkemiddel for å nå dette, meiner han.

Då statsråd Trond Giske la fram meldinga i 2008, uttalte han at to skriftspråk er ein styrke som gir oss ein større språkkompetanse og språkleg kreativitet.



FAGOMRÅDE: Leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, skulle gjerne sett spor av språkmeldinga på fleire av regjeringa sine fagområde. (Foto Astrid Eidhammer Hjelmeland).

– Utdrøninga er å gjere Noreg til eit reelt tospråkleg samfunn, sa Giske.

FINE ORD

Øvregård etterlyser også at språkmeldinga sine tiltak om standard for språkleg kvalitet og system for språkleg internkontroll i staten vert følgde opp. I tillegg vil han gjerne sjå meir dokumentert kunnskap om sentrale område, som målbyte i skulen og arbeidsliv.

Det er viktig at staten går føre med

eit godt døme som reelt tospråkleg, og at han brukar og synleggjer både nynorsk og bokmål.

– I kva grad er språkmeldinga viktig i utviklinga av norsk språk?

– Meldinga er veldig viktig, men det avgjerande er om ein får på plass eit system for oppfølging av dei overordna måla som ligg i språkmeldinga. Fine ord på papir er lite verde i seg sjølv, men her er det eit naudsynt og avgjerande utgangspunkt for handling.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!**

Ottar Brage Guttelvik

fylkesrådmann
Møre og Romsdal fylkeskommune



PÅ KOMMUNEVIS

Attraktive kommunar ?

Kommunane slåst om å gjere hosene grøne for nye tilflyttarar. All mogleg statistikk tyder på at det er mange som ikkje lukkast. I Møre og Romsdal ser vi til dømes ein stor auke i skapte arbeidsplassar, men utan at folketalet aukar slik ein kunne håpe. Særleg synest det vanskeleg å vere attraktiv for høgt utdanna, unge vaksne. Dette ser ut til å finne rot i og ikring dei få største byane, sjølv om mange er vaksne opp andre stader. Er det mogleg å finne medisin mot slikt?

Folk flyttar til byane over heile kloden. For ein liten kommune i eit lite land er det sjølv sagt uråd å kjempe over lang tid mot dei globale megatrendane. Kan hende vil nokre stader lukkast som merkevare innan særskilde segment, men det er vanskeleg å tenkje seg at dette skal gjelde mange. I realiteten er vi tvungne til å spørje oss sjølve kva som gjer byane attraktive, og gjere det best moglege ut av dette.

Slik eg ser det, er byane attraktive fordi dei tilbyr det konsentrerte mangfaldet. Arbeidsplassar, handel og sørvis, fritidstilbod, skule- og barnehagetilbod, uteliv, offentlege tenester og ikkje minst sosiale nettverk er samla slik at det står fram som ein samanhengande organisme. Byen sitt omland er sjølv sagt ein del av dette, men tiltrekkingskrafta ligg i konsentrasjonen. Den som skal ta del i framtida sin konkurranse om kompetanse og kapital, må ta dette inn over seg.

Handel har tradisjonelt vore den viktigaste drivkrafta for sentrumsdanning. Ut frå dette finn eg grunn til å vere uroa over eit stadig press for å trekkje kjøpekrafta ut av dei tradisjonelle sentrumsområda og inn i kjøpesenter og handelshus i utkanten. Eit mindre attraktivt sentrum betyr at også omlandet vert mindre attraktivt.

Kommunane har eitt verkemiddel i denne samanhengen, og det er arealplanlegginga. Det er på tide å innsjå at arealplanlegginga må nyttast aktivt til å byggje under den attraktiviteten vi ønskjer i byar og tettstader, og ikkje svekkje han. Ein må med andre ord gi handelsnæring og eigedomsutviklarar langsiktige og tydelege signal om at det er i sentrum vi vil ha dei. Og sentrum må vere avgrensa, slik at det svarar til forventningane om konsentrert mangfald.

Kartlegg nynorsk-kommunane

Ei kartlegging skal no gi svaret på kva språklege tiltak som trengs i nynorsk kommunane.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det er Språkrådet, LNK og Nynorsk kultursentrum som står bak kartlegginga, som no har gått ut til alle nynorsk kommunar og 11 av dei språknøytrale kommunane. Bakgrunnen for kartlegginga er eit ønske om å finne ut stoda i nynorsk kommunane, slik at staten kan leggje til rette for dei spesielle behova desse kommunane måtte ha.

I kartlegginga er det til dømes spørsmål om kva retningslinjer og språkpolitiske tiltak dei har i kommunane, og korleis statsorganane tek omsyn til målvedtaket i nynorsk kommunar, seier rådgjevar Daniel Ims i Språkrådet. Språkrådet fører som kjent tilsyn med om mållova blir fylgt opp, og Ims legg vekt på at det i stor grad er privatpersonar som klager på brot på mållova, og ikkje kommunar.

Det kan vere fleire grunnar til det. Det er også noko me håpar



(Foto: Språkrådet).

denne kartlegginga kan gi oss svar på, seier han.

Fristen for å svare på kartlegginga er sett til 20. desember, og Daniel Ims håpar ein kan ha resultata klare tidleg på nyåret. I ettertid vil det bli laga ein rapport med utgangspunkt i resultata, ein rapport som skal vere med og danne grunnlaget for den vidare språkpolitikken, både i Kommunal- og regionaldepartementet og i Kulturdepartementet.

– Dette er også ein god måte å kome i kontakt med kommunane på. Språkrådet har mykje kontakt med staten, men heller lite kontakt med kommunane, seier Ims.

MÅL OG MEINING

Språkbanken

Nasjonalbiblioteket fekk i budsjettproposisjonen for 2010 i oppdrag å etablere ein norsk språkbank. Språkbanken skal innehalde både tekst og tale i maskinleseleg format. I tillegg vil han innehalde blant anna databasar, ordbøker og uttaleleksikon. Nasjonalbiblioteket har oppretta eit fagleg råd for språkbanken og vil bygge opp og strukturere innhaldet i banken gradvis.

Kjelde: sprakbanken.no

Rettskrivningsnemnda

I september 2009 bad Kulturdepartementet Språkrådet om å setje i gang arbeidet med ein gjennomgang av nynorskrettskrivinga, på bakgrunn av tidlegare styrevedtak i saka og handsaminga av språkmeldinga.

Rettskrivningsnemnda, som omfattar både fagfolk og viktige brukargrupper, skal ha ei innstilling klar innan april 2011, med høyring i februar. Styret i Språkrådet skal gjere endeleg vedtak i mai 2011, men den nye rettskrivinga blir gjeldande fyrst frå august 2012. Då skal det òg ligge føre nye ordbøker. Leiar for nemnda er Grete Riise.

Kjelde: sprakradet.no

Framtida

Nettavisen Framtida.no skal styrkje nynorsken og bidra til å auke og få fram engasjement hjå unge. Bak avisa står ABC Startsidan, LNK, LLA, Mot til å meina, Pirion og Magasinet. Fleire aviser og Dag og Tid leverer stoff. Kulturdepartementet starta prosjektet. Nettstaden blir redigert på nynorsk.

Kjelde: framtida.no

Språkløva

Kulturdepartementet har ikkje starta opp arbeidet med å få på plass ei eiga språkløva. Kulturministeren lovar at dette arbeidet skal starte opp i 2011.

Den kulturelle skulesekken

I tildelingsbrevet til fylkeskommunane under Den kulturelle skulesekken blir det streka under at dei også må leggje vekt på å styrkje den språklege identiteten til elevane, at ein skal styrkje norsk språk generelt og nynorsk spesielt, og at det er ynskjeleg med eit visst tilbod på nynorsk også for elevar med bokmål som hovudmål.

Astrid Holen i ABM-utvikling seier rapporteringa dei får frå fylkesmannen, ikkje fangar opp omfanget av nynorsk i Den kulturelle skulesekken, difor finst det ingen statistikk på dette.

Det er svært vanskelig å måle eit slikt omfang, fordi mange av produksjonane er ikkje-verbale, seier ho.

Kjelde: Kulturdepartementet og ABM-utvikling

Vinjefondet

Vinjefondet, som har til formål å stimulere nynorsk journalistikk, er etablert i form av ei særskild støtteordning som blir forvalta av Nynorsk kultursentrum.

Kjelde: Kulturdepartementet

Nynorsk i rikspressa


I språkmeldinga har departementet gitt uttrykk for at ein ventar at riksdekkjande aviser i større grad nyttar nynorsk på redaksjonell plass, men departementet har ingen tankar om å gripe inn i den redaksjonelle fridomen i avisene.

Kjelde: Kulturdepartementet

Norsk Ordbok

Prosjektet Norsk Ordbok får i 2011 ei løyving frå departementet på over 15 millionar kroner. Verket skal ligge føre i komplett utgåve i 2014.

Kjelde: Kulturdepartementet



Ein god gjest gjer husbonden glad

Ivar Aasen
Ivar Aasen
Norske Ordsprog, 1881



BEST WESTERN
HOTELL BONDEHEIMEN
Sidan 1913

Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

Enkeltrom 970,-
Dobbelrom 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, høg komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uførmell atmosfære for alt slags folk! Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!



Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com



PÅ LEIT: Den nye styreleiaren i Språkrådet, Ottar Grepstad, meiner direktørstolen i Språkrådet må vere ein av toppstillingane i norsk kulturliv. (Foto Aasentunet).

Skal finne ny direktør

Å vere direktør i Språkrådet er ein av toppstillingane i norsk kulturliv, meiner Ottar Grepstad, som no tek til som styreleiar i Språkrådet.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Ei av dei største oppgåvene til det nye styret blir å finne ny direktør til Språkrådet.

– Dette er staden å vere for den som vil utrette noko viktig i norsk språkpolitikk. No gjeld det berre å finne den personen som er god både med folk, språk, media og tal. Den personen skal me finne i tett samarbeid med departementet, seier Grepstad.

TUNG PROSESS

Ottar Grepstad er forfattar og direktør ved Nynorsk kultursentrum og no altså styreleiar i Språkrådet. Han legg vekt på at styret no skal etablere eit solid samarbeid med departementet, der statsråden har og skal ha det siste ordet.

– Mitt inntrykk er at alle partar synest prosessen i første runde ikkje var god nok. Då er sjansen stor for å lukkast neste gong. Alle vurderingar som blei gjorde undervegs, kjem dette arbeidet til gode, slår han fast.

Tidlegare i haust trekte fleire styremedlemer, mellom dei styreleiar Magni Øvrebotten, seg i protest mot kulturminister Anniken Huitfeldt si avgjerd om ikkje å tilsetje retorikkprofessor Kjell Lars Berge som ny direktør i Språkrådet etter Sylfest Lomheim.

GODE RÅD

– Kva blir dei største utfordringane til Språkrådet framover?

– Den største oppgåva blir å nytte alle sjansane som byd seg, eller som kan skapast, for å følgje opp den ambisiøse språkmeldinga som Stortinget har slutta seg til.

Grepstad viser til at Språkrådet med sine fagråd og ein administrasjon på over 30 tilsette kan utrette mykje. Likevel vil mange av oppgåvene rådet står overfor,

kreve at Språkrådet spelar på lag med fleire for å få til dei resultatane ein treng.

– Samstundes skal me halde fram med å vere der folk er, midt i språkbruken. Berre då kan me gi gode råd til kven som helst, frå statsråden som bed om ein handlingsplan, til kasseraren som bed om hjelp til å finne eit norsk ord for "outsourcing". Midt i denne kvardagen skal det også skapast rom for nye initiativ. Også difor vil direktørkontoret i Språkrådet bli den beste staden å vere i norsk kulturliv dei neste åra, meiner han.

TOLER URO

Grepstad er ikkje redd for at uroa den siste tida har skada Språkrådet.

– Norsk Språkråd har snart 40 år bak seg og har gjort mykje for å korte ned avstanden mellom språkbrukar og språk. Omdømet til Språkrådet er godt, og mange oppfattar oss som interessante, relevante og nyttige. Ein slik organisasjon toler meir enn ei kortvarig uro om tilsetjing.

Grepstad får med seg Åse Lille Kimestad, Trond Trosterud, Åse Wetås, Sigrun Høgetveit Berg, Helene Uri, Ola T. Lånke og Kamil Øzerk i det nye styret.

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett


Din naturlege start på internett

www.startsida.no

MOT TIL Å MEINA

57 prosent av dei unge under 26 år meiner dei ikkje blir høyrte og ikkje får vera med bestemta.*

ER DET PÅSS TIL UNGE UNDER 26 ÅR I FORMANNSKAPET DITTI?



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmenland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Nasjonal kartlegging av unge under 26 år



(Foto: Gunnbild Sørås)

Ny kaptein

KrF-prinsen Knut Arild Hareide (38) trur sjølv han er sterk nok til å bli ny partileiar.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR

judith@norsk-plan.no

– Eg hugsar slagordet på KrF-kapsen på 80-talet: Tøffe ty-par stemmer KrF. Eg trur nok eg er sterk nok til å bli leiar, det er viktigare enn å vere tøff nok, meiner Hareide sjølv.

For det har ikkje mangla på rosande ord etter at Knut Arild Hareide bestemte seg for å hoppe etter Høybråten og bli ny leiar i partiet. Men det har heller ikkje mangla på skepsis. Erna Solberg (H) var tidleg ute i Politisk kvarter på NRK P2 og meinte Hareide burde bli «tøffare i kantane».

– Eg er eit ja-menneske, og det vonar eg også at dei som er rundt meg vil oppleve at eg er som leiar. Men eg må sjølv sagt setje tydelege grenser. Skulle eg bli leiar, trur eg det blir veldig spanande. KrF er eit parti som kan spele ei nøkkelrolle i norsk politikk dei næraste åra, slår han fast.

Men ennå har han ikkje høyrte noko offisielt frå valkomiteen, og han påstår pulsen framleis er låg.

– *Du nolte litt før du takka ja til å stille som leiar kandidat?*

– Eg har nok heile vegen kjent at dette har eg lyst til. Men det er mange ting ein får med på kjøpet når ein blir partileiar. All fokusering på eigen person er ikkje alltid like hyggeleg. Eg har også arbeidd tett saman med Dagfinn (Høybråten, red.merk.) og Valgerd (Svarstad Haugland, red.merk.) og sett på tett hald at det kan vere krevjande å vere leiar i KrF.

Det politiske engasjementet vart vekt til live ved kommunevalet i 1991, då kom han inn i kommunestyret 18 år gamal. Og målet var å sikre ungdomsskulen heime på Rubbestadneset.

– Og det lukkast eg med. KrF vart det naturlege valet fordi eg var engasjert i miljø og fattigdomsspørsmål. I eit samfunn der fokus på forbruk blir større og altfor mykje blir målt i kroner og øre, er det viktig å fokusere på viktigare verdiar.

Han er oppvaksen på Bømlo. Når folk plasserer han på Stord, meiner han det er like gale som å seie til ein nordmann at «Norway is the capital of Sweden».

– Bakgrunnen frå Bømlo har påverka meg mykje. Det er eit lokalsamfunn eg både er svært glad i og stolt over.

Det er eit samfunn der eg fekk utfalde meg i aktivitetar og delta i mange ulike organisasjonar som speidar, i skulemusikken, Ten Sing og idrett.

Og barndommen har gitt mange gode minne. Som yngst av fem brør vart nok Knut Arild påverka av kva dei andre i familien dreiv med. Etter kvart overtok han både jobben som avisbod og det å ta i mot snøggåten, slik dei tre brørne hadde gjort for han.

– Eg hugsar nok best båtturane. Pappa bygde ein båt då eg var liten, og den vart nytta i kvar ferie. Når ein er ein familie på sju, vart bilen ofte litt for trong, medan båten hadde tumleplass. Det er vanskeleg å seie kva som har forma meg, men skulen var alltid viktig for meg.

Då Hareide blei miljøvernminister som 31-åring, vart han KrF sin yngste minister nokosinne. Og karrieren er framleis like imponerende. Som bakgrunn er han utdanna siviløkonom frå Noregs handelshøgskole, og han har studert sosiologi ved Universitetet i Bergen. Han har vore politisk rådgjevar i det dåverande Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i Bondevik 1-regjeringa og statssekretær i Finansdepartementet i Bondevik 2-regjeringa. Men i 2007 tok han ein pause frå politikken, då var tida komen for eit yrkesliv i næringslivet. Hareide ville gjerne bruke utdanninga si. Dermed blei han organisasjonsdirektør i Schibsted.

– Eg er utdanna siviløkonom og har i fleire periodar arbeidd i næringslivet. Det å få nytta fagutdanninga er nok eit ynskje dei fleste har. Eg synest også at den erfaringa eg har fått med meg frå næringslivet, er særskild verdifull i arbeidet på Stortinget.

Likevel kom han attende til politikken. Her får ein nemleg høve til å gjere ein skilnad for einskildmenneske, påstår Hareide.

– For meg betyr det mykje å få arbeide for eit samfunn der det er plass til alle. Det fekk eg både i kommunestyret heime på Bømlo, som politisk rådgjevar i Utdanningsdepartementet og som miljøvernminister.

I dag sit han som stortingsrepresentant for Akershus og er leiar i transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget.

Språk er også viktig for vestlendingen og politikaren Hareide. Han er klar på kva nynorsken sine største utfordringar blir framover.

– I ei tid der framandspråk kjem tidleg i skulen, blir nynorsken lett ein tapar. Me må få fram at for mange er nettopp det å lære nynorsk viktig for å kunne ha eit språk som er nærast den dialekten ein talar, seier han bestemt og legg til at det er viktig at ein no sikrar meir nynorsk i trusoppøringa i den norske kyrkja.

Sjølv er han glad i nynorsk. Og privat nyttar han språket fast, medan det på jobb går i både bokmål og nynorsk. Han sit til og med i styret i Løvebakken Mållag og slår eit slag for at nasjonalforsamlinga har ein interesseorganisasjon som kan ta opp viktige målsaker og fremje nynorsken.

– *Kva kan du som politikar gjere for å styrkje nynorsken?*

– For meg er det viktig at me tryggjer nynorsken innan skulen. Eg tenkjer då på å ha eit obligatorisk sidemål. Men eg trur nynorsken vil stå seg godt i åra framover. Det å

lære seg begge språka gjer ein tryggare og betre innan begge målformene.

Det er inga skute i medvind Knut Arild Hareide har takka ja til å styre. KrF slit med oppslutnad rundt sperregrensa og dønningar etter interne konflikter, noko som ikkje ser ut til å skremme den påtroppande leiaren.

– *Korleis skal du «redde» partiet?*

– Når du brukar ordet «du», vil eg seie at dette arbeidet heldigvis er eit lagarbeid. Det blir difor viktig at me får fram politikken vår. Undersøkingar har synt at det er langt fleire som er samde i politikken vår, enn som stemmer på partiet.

Han har klokkartru på at dersom ein klarer å synleggjere politikken, vil også veljarane kome etter. Dermed kjem lista med dei gode kampsakene: fattigdom, å sikre den kristne kulturarven, betre eldreomsorg og ein god familiepolitikk.

– Den største utfordringa i sist valkamp var at KrF hamna i skvis mellom dei raudgrøne og Høgre/Frp. I etterkant av valet meiner eg at det har vore for mykje strid og for lite fokus på vårt alternativ til regjeringa sin politikk.

Å bli kalla kronprinsen i partiet har til tider vore krevjande å handtere, og nok ein gong må han svare for korleis han står politisk i høve til Høybråten.

– Dagfinn har ei svært lang politisk røyndle og har ei imponerende liste over politiske sigrar. Særleg innsatsen innan psykiatri og røykjelova er blitt framheva. Det politiske området der me truleg står nærast, er nok innan sosialpolitikken.

Sjølv meiner han dei beste eigenskapane er at han har mykje energi og er ein god lagspelar. No skal han byggje KrF opp til å bli eit parti som også spelar på lag, og som vil løfte fram verdiskaker og stå for grunnverdiar inn i ei ny tid, som han kallar det.

– Me må i alle høve selje politikken vår breiare. Det er mange som er samde i politikken, men som ikkje stemmer KrF. Det må me gjere noko med.

– *Kan det bli aktuelt med regjeringsamarbeid med Ap eller Frp?*

– Det er tre år til stortingsvalet. Veljarane skal få vite kvar KrF står, i god tid før det.

Hareide er oppteken av dei svakaste i samfunnet, og det store førebiletet hans er tidlegare partikollega Jon Lilletun.

– *Men kva brenn du for?*

– Eg brenn for dei rundt meg. Grunnleggjaren av Frelsesarmeen, William Booth, sende kvart år ei julehelsing til kollegaer verda rundt. Helsinga blei sendt på telegram, og ein betalte for kvart ord. Men med eitt einskild ord uttrykte han fokus og prioritet i arbeidet. Ordet var «others» – andre.

– *Og kva drøymer du om?*

– Eg er ikkje så god til å drøyme, eigentleg er eg best på det realistiske planet, seier KrF-prinsen.

SJØLVMELDING

Namn: Knut Arild Hareide

Alder: 38

Bur: Oslo

Sivil status: For tida singel

Aktuell: Takka nyleg ja til å bli leiar kandidat i KrF

Les: Mykje skjønnlitteratur

Høyrer på: Nyhende og debattar på radio

Førebilete: Jon Lilletun har vore eit stort førebilete for meg

"Snakk med oss – då kan det benda me gidde å stemma!"

MOT TIL Å MEINA

Hotell Bondeheimen i Oslo 10. – 11. mars 2011

TORS DAG 10. MARS

- 10.30 Kunstnarisk innslag
10.35 Velkomen ved **Arnfin Vigrestad**, leiar i styringsgruppa for "Mot til å meina" og ordførar i Time
10.40 Representant for kjernegruppa "Mot til å meina".
10.45 Tek me demokratiet for gitt? **Jonas Gahr Støre**, utanriksminister
11.15 Frå det raude Årdal til det konservative Storbritannia - den unge veljaren si rolle for sigeren i valet. **Merima Maja Brkic**, forfattar og rådgjevar for stasminister David Cameron
11.40 Har kommunen forstått at nettet er ein kommunikasjonskanal - er det svaret for å skape engasjement mellom unge? **Svein Tore Marthinsen**, statsvitar
12.05 Debatt **Jonas Gahr Støre**, **Svein Tore Marthinsen**, **Merima Maja Brkic** og representant frå kjernegruppa for "Mot til å meina"
Leia av **Arne Jensen**, assisterande generalsekretær i Norsk redaktørforening
12.50 Lunsj
13.45 Kva gjer vi vaksne gale, dei unge gidd ikkje vera med? **Frank H. Aarebrot**, professor
14.30 Korleis gje dei unge auka makt på den politiske arena. **Trond-Viggo Torgersen**, leiar av regjeringa sitt utval om unge si makt og deltaking
15.00 Pause
15.20 Ei mast sette fyr på engasjement. **Synnøve Kvamme**, leiar av Granvin Ungdomsråd
15.45 Dei gav meg tillit som 23-åring, 7 år seinare arbeider ordføraren for å få dei unge på 16 til å roysta. **Helge Njaastad**, ordførar i Austevoll
16.10 Vi er ein ressurs som er for god til å leggjast på lagring. Innlegg ved Representant for kjernegruppa for "Mot til å meina"
Vetle Wang Soleim, nestleiar Ungdomspanelet
16.40 Pause
17.00 Debatt
Representant for kjernegruppa for "Mot til å meina"
Frank H. Aarebrot, professor i samanliknande politikk
Janne Johnsen, fylkesordførarkandidat i Rogaland
Vetle Wang Soleim, nestleiar Ungdomspanelet
Trond-Viggo Torgersen, "Unge makt og innflytelse", utvalsleiar
17.45 Slutt
20.00 Middag og sosialt samvær

FREDAG 11. MARS

- 08.00 Frukost
09.00 Kulturinnslag
09.10 Kva er verktøyet kommunane skal bruke for å få dei unge med? **Liv Signe Navarsete**, Kommunal- og regionalminister
09.45 Kan vi marknadsføre dei unge til politisk engasjement og få dei til urnene? **Trond Blindheim**, rektor ved Markedshøyskolen
10.20 Pause
10.40 Kampanjemateriell til fri bruk for kommunane – ein presentasjon peika ut av referansegruppa til "Mot til å meina prosjektet"
11.10 Demokrati – ei pedagogisk utfordring for skulen. Nyttige pedagogiske verktøy. **Jorunn Osland**, pedagogisk rettleiar ved Nasjonalt Garborgsenter
11.30 Kan me rikka dei unge fram til valurna? Praktiske råd og idear for kommunane i det praktiske arbeidet. **Einar Schibevaag**, prosjektleiar "Mot til å meina".
12.00 Pause
12.20 Debatt: Kan me lykkast med å engasjera fleire?
Ung politikar
Representant for kjernegruppa
Helen Frøyseth, "Ung og engasjert" i regi av LLA
Janne Nerheim, journalist i Bergens Tidende
13.10 Vegen vidare, ei oppsummering. **Gunnhild Berge Stang**, kommunestyremedlem i Askvoll
13.20 Lunsj og heimreis

Konferanseavgift (utan overnatting), lunsj begge dagar og middag torsdag 11. mai: kr 2.700
Overnatting på Hotell Bondeheimen 10. – 11. mars: kr 900

Treng du overnatting frå onsdag til torsdag ber me deg gje melding om dette.
Ved avmelding mindre enn ei veke før konferansen blir det fakturert full pris.

Påmelding innan 10. februar 2011 til:

e-post seminar@garborg.no eller telefaks 52 79 04 81

For meir informasjon og elektronisk versjon av programmet, sjå: www.LNK.no



PRIS: Varaordførar i Seljord, **Jon Svartdal**, og pedagogisk konsulent i Seljord kommune, **Tor** på Falturiltu-festivalen på Stord av statsråd **Liv Signe Navarsete**. (Foto: Kommunal- og regionaldepartementet)

Nynorskpris til Seljord

Barnehagesatsinga sikra Seljord prisen Årets nynorsk-kommune 2010.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Ordførar **Solveig Sundbø Abrahamsen** er glad for at kommunen er heidra med prisen Årets nynorskkommune 2010, men meiner prisen også forpliktar. Søknaden som Seljord sende Kommunal- og regionaldepartementet, viser at kommunen satsar på språkstimulering i både barnehage og skule. Samstundes er kommunen oppteken av at tilsette i administrasjonen skal bruke eit enkelt og godt nynorsk.

– Me kan nok langt på veg takke barnehagesatsinga for nynorskprisen. Det er avgjerande å byrje tidleg skal ein klare å styrkje nynorsken, seier **Abrahamsen**.

BEVISSTE PÅ SPRÅK

Kommunen har over tid hatt eit eige prosjekt for å styrkje språksatsinga i barnehagane, der ein særleg har lagt vekt på bruken av lokal kulturarv og identitet. Alle tilsette i Seljord har fått utdelt eit sett språkpermar, ein teoriperm, og ein praksisperm. Praksispermen skal vere ein idébank og inneheld ein oversikt over metodar og materiell som barnehagane i Seljord brukar, med vekt på forteljingar, segner, eventyr, regler og rim.

– Erfaringane med prosjektet er udelt positive. Det er viktig å gjere dei tilsette i barnehagane bevisste på at dei skal formidle nynorsk litteratur og historier på dialekten vår. Me trur det er viktig å jobbe systematisk og målretta med dette.



Ordførar **Solveig Sundbø Abrahamsen** (Foto: Kenneth Bø).

NYNORSKFOND

I tillegg satsar barnehagane på kurs og fagtreff om forteljarteknikk og barnebøker på nynorsk. På ynskjelista står eit kurs om nynorske barnesongar. Det kan bli mogleg no, sidan prisen Årets nynorskkommune blant anna inneber ein premiesum på 100 000 kroner til kommunen.

– Litt av pengane skal i tillegg brukast på eit språkprosjekt i ungdomsskulen. Me ser utfordringa i at fleire elevar ynskjer seg bokmål etter kvart som dei blir eldre. Difor må me satse på ungdomsskulen no, seier **Abrahamsen**.

Kommunen søkte våren 2010 Nynorskcenteret om stønad til eit nynorskprosjekt som rettar seg mot 9.-klasse. I prosjektet skal elevane skrive saman med ein etablert forfattar. Til slutt håpar dei å samle tekstane i ei ungdomsbok. Skulen og barnehagane samarbeider dessutan med folkebiblioteket i kommunen, som tilbyr forfattarbesøk til skulane og satsar



...ne Bøhn, mottok prisen som Årets nynorsk-kommune 2010 (maldepartementet).

700 000 kroner til språkåret

Regjeringa løyver no 700 000 kroner til Nynorsk kultursentrum for å planleggje Språkåret 2013.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Tiltaket byggjer på eit initiativ frå Nynorsk kultursentrum, som også får hovudansvaret for utviklingsprosjektet.

- Språkåret 2013 skal bli noko ingen har gjort før og ingen har sett maken til, seier direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum i ei pressemelding.
- Til det treng vi hjelp frå alle dei ulike språkmiljøa i

landet, frå målrørsele til innvandringsorganisasjonar.

Nynorsk kultursentrum har arbeidd lenge for å gjere 2013 til eit språkår. Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum har allereie etablert eit samarbeid, no blir fleire inviterte med.

- Språkåret 2013 skal bli ei raus feiring av språklege skilnader i Noreg, seier Grepstad. Målet er at det nasjonale språkåret skal styrkje den språklege sjølvkjensla blant nynorskbrukarane, skape større aksept for verdien av den språkdeltede norske kulturen, og gjere til eit fellesgjode at Noreg har ein rik og mangfaldig språktradisjon som no blir utvida med nye innvandrarspråk, heiter det i pressemeldinga

SELJORD KOMMUNE

2961 innbyggjarar
711 km² Del av regionen Vest-Telemark, som består av seks kommunar. Seljord er kjent som eit handels-senter i regionen.
Kjent for Dyrskun og Sjøormen.

på å kjøpe inn det som kjem av nynorske barne- og ungdomsbøker. Kommunen samarbeider også med Mållaget, som til dømes deler ut bøker til alle 4-åringar.

- I tillegg er det viktig at barna har gode førebilete i nynorskambassadørar, understrekar ordføraren og viser til brøne Odd og Åsmund Nordstoga som gode døme.

Kommunen planlegg i tillegg å setje nokre av pris-pengane inn på eit fond som skal vere med og styrkje nynorsken som skriftspråk.

HÅPAR PÅ KURS

For dei språklege utfordringane finn ein også i Seljord.

- Det går ein debatt i lokalavisa no, der elevorgani-sasjonane ynskjer å fjerne sidemålet, noko som i mange tilfelle betyr nynorsk. Nynorsken er under sterkt press her òg. I media er det jo i stor grad bokmål, dialekten vår blir stadig utvatna, og me ser meir engelsk, både munnleg og skriftleg.

Som mange andre kommunar slit også Seljord med å rekruttere personell med nynorskkompetanse.

- Me har stor innflytting til kommunen, og mange er bokmålsbrukarar, noko som kan vere ei utfordring, sidan all informasjon, sakshandsaming og planverk skal vere på nynorsk. Kommunen har som målsetjing å gjennomføre språkkurs for dei tilsette. Abrahamsen nemner at dette også kan vere noko prispengane kan brukast til.

SKÅRAR HØGT

Kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp) er imponert over den prisvinnande kommunen.

- Juryen har vurdert kandidatane grundig. Særskilt vil eg trekkje fram at vinnaren Seljord kommune driv godt språkarbeid for barn. Eg håpar prisen vil styrkje bruken av nynorsk både i Seljord og i andre kommunar i Telemark, seier Navarsete i ei pressemelding.

Navarsete legg også vekt på at kommunen ligg i eit tradisjonelt nynorskfylke, men der nynorsken mange stader likevel er under press. - Seljord skårar høgt både når det gjeld kommunale planar, nynorsk i kulturarbeid og tidleg nynorskinnsetning blant barn, seier Navarsete.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag

24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning



...u kommune er
...k situasjon at for å l
...nye ting, me må ta
...na. Dette skapar
...te kommentar
...apsrapporter for I
...Han peikar på at v
...ske analyse for
...ner at presse og d
...te tenestene har a
...vesteringsnivå er l
...n fører til at det
...amt, og prioritas
...Sveio kommune i
...ert mykje. Det g
...nskeleg å setje
...nester eller s
...ter
...anfor dei rammet
...er tildelt utan at e
...era vekk andre ten
...rapporten g
...n rapporten for I
...grunn til uro. Båd
...forhalda fram
...rt sett i gang inter
...rten og følg opp
...erlegare tiltak
...Mellom det som
...p til, er ein total gje
...alle tenesteeininga
...på å få fram ans
...sial. I dette
...ta retta s
...ingar som har
...neskapsutvikling
...n vil òg kart
...på eininga
...ka omstillin
...å sjå til at de
...rdering av ledige s
...ysing av desse.
...erne delegasjonsr
...al gjennomgåst
...edell for tilde
...sar til skul
...beidet med ei
...ministrative
...på å frigje
...da fram.
...Det går v
...fr
...apira at dette er
...ed sjølvstyrte
...ansippet er at ein s
...g resultatet
...annen er kom
...g, men den krev
...n totalt sett g
...krev enno
...klar
...iplin.
...Tala for først
...alv
...erforbruk på til
...llionar kroner. Ra
...barnehage
...øk på 3,1
...ior
...ma opp i 3,7
...so
...rt gjort kor
...område helse
...er overforbruk på
...og vil kunna kom
...som det
...dringar. På den an
...atteinkoma
...ka,
...ste halvår.
...reskøyta «H
...i Fjelløy
...04, men er sp
...no ikkje fr
...ss-kommun
...i
...ellom anna
...000 kroner
...Saka har vore
...mmunen etter
...vart vurdert
...ner. Eigaren
...vedtaket,
...de difor sak
...annen i vint
...e månader
...one fekk til
...saka er i
...klageinstan
...n sjølv kan
...n dette med
...lokale nyh
...stod
...fitjar
...synes
...bør
...kvinn
...ad

Tek tid å byggje omdømme

Det tar lang tid å forankre omdømmearbeidet i kommunen sitt utviklingsarbeid, seier Anne Irene Myhr.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Ho er ansvarleg for Omdømmeskulen, som Distriktsenteret no har teke over frå Kommunal-og regionaldepartementet. Omdømmeskulen kom opp som eit tiltak frå bulystgruppa som for nokre år sidan skulle gi Kommunaldepartementet innspel på korleis ein kunne auke attraktiviteten ute i kommunane. Departementet dreiv skulen i 2008 før Distriktsenteret overtok. No er nettopp 2010-kullet avslutta, og ein har allereie byrja å planleggje ein ny runde neste år.

– Responsen frå kommunane på kurset er veldig positiv, men ein ser jo at ein ikkje lett kjem til resultat. Men om ein ikkje får resultat på to år, får ein det kanskje på fem, slår Myhr fast.

FÅ MED NÆRINGSLEVET

Ho meiner det aller viktigaste kommunen kan gjere når ein startar på ein omdømmeprosess, er å forankre arbeidet i kommunale planar.

– Og innbyggjarane og dei tilsette i kommunen må få eit eigarskap til budskapet. Omdømmet blir skapt ut frå kva du gjer. Både sjukepleiaren og næringskon-



I Myrkdalen byggjer dei omdømme på vinteraktivitetar og turisme. (Illustrasjonsfoto: Tøyni Tobekk).

sulenten må formidle det same, meiner Anne Irene Myhr.

Ho trekkjer fram Drammen som eit godt døme på ein kommune som har snudd utviklinga og haldningane folk flest hadde til byen. Dei har arbeidd strategisk over lang tid og ikkje minst hatt tett kontakt med næringslivet undervegs.

– Det har ikkje vore eit reint kommunalt prosjekt, men eit Drammen-prosjekt der alle har medverka. Det er viktig. I

Drammen har dei hatt breie involveringsprosessar, dette har ikkje vore eit einmannsføretak. Og så må ein tenkje strategisk og handle etter det. Det gir resultat, no er folk stolte over byen.

FOR LIKE

Kommunane bør også utføre ei omdømmemåling i starten av ein slik prosess, meiner Myhr. Då vil ein lettare skjønne



Anne Irene Myhr.
(Foto: Distriktsenteret).

kva situasjonen er, og kva folk trur og meiner om kommunen. Deretter må ein ifølgje Myhr arbeide målretta og opp mot spesielle målgrupper.

– Blir kommunane ofte for like når dei skal byggje omdømme?

– Ja, ofte kjem dei til oss og fokuserer på den flotte naturen dei har frå fjell til fjord, eller det vakre kulturlandskapet. Men her blir dei nøydde til å spisse budskapet og finne det som faktisk er unikt og dristig nok. Og ikkje minst må dei bevise at dette faktisk er unikt for dei. Ofte er det medelvar på skulen som klarer å setje fingeren på kva som kjenneteiknar kommunen. Det hjelper med nokre friske auge frå utsida, meiner Myhr.

Vil ha nynorsk trusopplæring

Ei aksjonsgruppe krev no språkjamstelling i trusopplæringa.


JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Arbeidet til gruppa har resultert i ei fråsegn til alle sokneråda i dei fire nynorskbispedøma Møre, Bjørgvin, Stavanger og Agder og Telemark i tillegg til nynorsksokna i dei bokmålsdominerte bispedøma Tunsberg og Hamar. I fråsegna viser gruppa til språkmeldinga, som seier at det skal leggjast til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål. Aksjonistane meiner det i utarbeiding og bruk av undervisningsmateriekknytt til trusopplæringa er like viktig å ta omsyn til jamstellingskravet som i skulen.

MÅ LØYVE MIDLAR

Storparten av bøker, DVD-ar og CD-ar er på bokmål, seier Wenche Haugen Havrevoll til Vårt Land. Havrevoll er medlem i aksjonsgruppa og i Stavanger bispedømeråd. Ho siktar til katalogen over materiell til trusopplæring som IKO-forlaget har gitt ut.

I fråsegna blir det lagt vekt på at ansvarlege organ må løyve midlar til språkjamstelling i trusopplæringsforma, slik at opplæringsmateriekk, både i tekst og tale, kjem ut til same tid og til same pris på nynorsk og bokmål. Gruppa meiner det



(Illustrasjonsfoto: Judith Sørhus Littlehamar)

er særskilt viktig at barn og unge får høyre, lese og framføre tekstar på nynorsk, like viktig som det er at dei får høve til å syngje på nynorsk.

Eit barnekor i Suldal skal ikkje måtte syngje på bokmål, seier Havrevoll til Vårt Land.

Målet vidare er å samle støtte for saka, som Kyrkerådet skal handsame.

VILLIG TIL Å BIDRA

IKO-forlaget meiner økonomien gjer det umogleg å gi ut alle bøker på nynorsk utan ekstra pengestøtte. Forlagssjef Jorun Elisabeth Berstad Weyde seier til Vårt Land at 30 prosent av forlaget sine produksjonar i fjor var tilgjengelege på nynorsk. Av desse var 23 prosent berre på nynorsk, medan sju prosent var på både målformer.

Me har prøvd å gi ut omsette bøker berre

NYNORSK TRUSOPPLÆRING

Ei aksjonsgruppe krev no at bokmål og nynorsk blir likestilte i trusopplæringa, og at ein større del av undervisningsmateriekk blir tilgjengeleg på både språka. Kyrkerådet skal ta saka vidare. I gruppa sit: Wenche Nygaard, Suldal, Ivar Molde, Voss, Liv-Helga Fure, Bergen, Kåre Johan Hamre, Granvin, Helga Hjetland, Kyrkjebø, Magne Skjeldal, Voss, Knut Farestveit, Voss, Håvard B. Øvregård, Oslo, Jens Z. Meyer, Bergen, Knut O. Dale, Odda, Ingvald Frøyen, Naustdal, Tone Synnøve Øygard Steinkopf, Stanghelle, Wenche Haugen Havrevoll, Nesflaten.

på nynorsk, men har vanskeleg for å selje dei til bokmålslesarar. Utan grunnstøtte til produksjon blir det vanskeleg å oppfylle eit ynskje om å gi ut alt i både målformer, seier Berstad Weyde til Vårt Land.

Kyrkerådet er på si side villig til å bidra til jamstelling mellom nynorsk og bokmål.

I den grad me tildeler utviklingsmidlar til materiell som skal breiddistribuerast i trusopplæringa, kan me leggje inn som føresetnad at dette skal produserast på både bokmål og nynorsk, seier seksjonsleiar Kristine Aksøy til Vårt Land.



UTVIDA OPNING: Neste år kan innbyggjarane i Dyrøy få eigen nøkkel til biblioteket og låse seg inn sjølve. (Foto: Sanja Gjenero)

Får eigen nøkkel til biblioteket

Viss alt går som bibliotekar Mira Sandaaker vil, kan folk i Dyrøy kommune i Troms snart låse seg inn på biblioteket også utanom opningstider og låne med seg bøker heim.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det skal utviklast eigne nøkkelkort til lokalet, som også skal fungere som lånekort. Kvar innbyggjar i kommunen kan så inngå ein kontrakt med biblioteket om å få sitt eige kort, forklarar Sandaaker. Det inneber at lånaren kan låse seg inn nesten når det passar, utan at det treng vere folk på jobb.

– Men det blir ikkje døgnope, seier bibliotekaren. – Vi reknar med å få utvida opningstidene frå 14 timar i dag til 45 timar når den nye ordninga startar neste år.

IKKJE REDD FOR ROT

Det er mange praktiske omsyn å ta når ein skal utvide biblioteket på denne måten. Mellom anna må ein vurdere kor mykje av lokalet som skal vere tilgjengeleg når folk er der utan personale til stades. Det handlar vel så mykje om brannsikring og kva forsikringsselskapet godtek, som det handlar om frykt for at folk skal øydeleggje. Det siste er ikkje biblioteksjefen det minste redd for.

– Vi er ein liten kommune med 500 husstandar, og folk her føler sterk eigarskap til kulturhuset som biblioteket held til i.

Lånekortet som folk må bruke for å låse seg inn, er dessutan eit personleg

kort, som legg att spor om kva tid lånarane var der sist, og kva bøker dei lånte. Prosjektet legg i det heile tatt opp til eit svært personleg forhold mellom den einskilde og biblioteket, understrekar ho.

I første rekke er dette eit utviklingsprosjekt, og Dyrøy har fått midlar frå ABM til å drive prosjektet fram. Inspirasjonen er henta frå Danmark, der dette har vore utprøvd med stort hell fleire stader, og der utlånsraten har gått monaleg opp etter at ein opna for sjølvbetening.

FØRST I LANDET

Dyrøy er den første kommunen her til lands som prøver ut eit slik system, og Sandaaker har allereie fått mange spørsmål frå store og små kommunar som er nysgjerrige på opplegget og vil prøve å få til det same.

Kommunen ønskte opphavleg å gjere denne ordninga tilgjengeleg for alle frå vidaregåande skule og oppover, men forsikringsomsyn gjorde at ein må vere fylt 18 for å få eit slikt kort. Bonusen er at denne utlånsordninga ikkje berre vil gjelde for innbyggjarane i kommunen.

– Vi har omlag 350 fritidsbustader i Dyrøy, og desse får også tilbod om lånekort med nøkkel. Dette er folk som allereie i dag har eit aktivt forhold til biblioteket, mellom anna på grunn av tilgang til trådløst nettverk, noko som kanskje ikkje alle hytter har.

Og for dei som er redde for at dette betyr at biblioteket no vil bli heilt sjølvbetent, så kan Sandaaker roe dei:

– Vi skal framleis ha folk på plass våre 14 timar i veka. Kanskje blir det òg slik at det blir meir å rydde etter at folk har vore og ordna opp sjølve. Då må vi gjerne utvide beteningstida enno meir for å få rydda.

MØT TIL Å MEINA

60 prosent av elevane i den vidaregåande skulen ynskjer å snakka meir med politikarane og andre som bestemmer i samfunnet.*

KVA TID MØTTE PARTIET DITT PÅ SIST OPP PÅ EIN SKULE?

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Kartlegging ved tre vidaregåande skular i Rogaland



Olaug Grønset Granli (Ap) er ordfører i Gol kommune.

Kommunestyret i Gol har 21 representantar, frå Ap (6), Sp (4), Frp (3), H (3), V (3), SV (1) og Krf (1).

Ved inngangen til 2010 hadde kommunen 4479 innbyggjarar. Gol er administrasjonssentrum og einaste tettstad i kommunen. Gol stavkyrkje er eit av dei mest kjende landemerka frå Gol. Kyrkja står no på Norsk Folkemuseum på Bygdøy. Ein kopi av stavkyrkja vart oppført i Gol sentrum i 1994. Bergensbana går gjennom Gol, og det er litt under tre timar frå Gol til Oslo med tog.

Gol utgjer saman med kommunane Ål, Hol, Nes, Hemsedal og Flå regionen Hallingdal. Hallingdal har til saman over 20 000 innbyggjarar og strekkjer seg frå Krøderen i sør og nordover i Buskerud fylke. Riksveg 7 går gjennom heile Hallingdalen.

Avisa Hallingdølen dekkjer desse kommunane og er Gol kommune si lokalavis.



ORDFØRAREN OM:

Folketalet:

Gol kommune har hatt ein treg folkevekst i lang tid. No ser det ut som at trenden er i ferd med å snu, og kommunen har no passert 4500 innbyggjarar.

Sosiale medium:

Gol kommune bruker ikkje sosiale medium enno, vi har berre heimesidene våre. Men vi ser jo at fleire og fleire kommunar går i den retninga.

Kommunesamanslåing:

Vi ønskjer å vere i forkant, og regionen skal no vurdere ein storkommune. Personleg er eg for viss det kan tene Hallingdalen.

Får eigedomsskatt

Frå nyttår innfører Gol kommune, som første kommune i Hallingdal, eigedomsskatt over heile kommunen.

TOYNI TOBEKK

toyni@norsk-plan.no

– Vi har tidlegare hatt eigedomsskatt i tettstaden Gol og på verk og bruk, men frå nyttår utvidar vi ordninga til heile kommunen, seier ordfører Olaug Grønset Granli (Ap).

Stram kommuneøkonomi og eit ønske om å ha midlar til å investere er to av grunnane til at kommunen no har valt å innføre eigedomsskatt, seier ordføreren. Mellom anna ønskjer kommunen å slå saman tre skular til eitt oppvekstsenter, og midlar frå eigedomsskatten skal brukast til denne investeringa. Inntektene frå eigedomsskatten skal derimot ikkje gå inn i den ordinære drifta, understrekar ordføreren.

LITE STØY

Eigedomsskatt er eit heitt politisk tema, så også i Gol. Politikarane hadde saka til politisk handsaming i fjor, noko som førte til eit knapt fleirtal med 11 mot 10 stemmer.

Ordfører Granli hevdar innbyggjarane og hyttefolket i Gol forstod at dette var naudsynt, og meiner folk har forståing for at fellesskapen må yte sitt. Eigedomsskatt er òg vurdert i nabokommunen Nes, og der har det ifølgje Granli skapt meir debatt og støy enn det gjorde i Gol.

Den påtenkte samanslåing av skular til eit senter for kunnskap, kultur og idrett, som skal finansierast av eigedomsskatten, er førebels på planstadiet. Gol har i dag to barneskular og ein ungdomsskule, som kommunen har vedteke å samle til ein skule. Tidlegare hadde kommunen også fleire grendeskular, men desse er nedlagde og husar i dag barnehagar. Ordføreren ser ikkje bort frå at barnehagane også kan verte sentraliserte ein gong i framtida. Å ha eit desentralisert tilbod kostar pengar, og i ei tid med strammare økonomi må ein



EIGEDOMSSKATT: Gol kommune blir den første kommunen i Hallingdal som innfører eigedomsskatt for alle hus og verk. Ordfører Olaug Grønset Granli meiner det var det rette valet å ta. (Foto: Sigmund Krøvel-Velle)

vurdere om det er økonomisk forsvarleg.

– Er du ikkje redd de gjer Gol til ein mindre attraktiv kommune for tilflyttarar og innbyggjarar ved å innføre eigedomsskatt og sentralisere skular og barnehagar?

– Eg håpar ikkje at dette vil få store konsekvensar. Det er eit val vi har gjort, og vi har også prøvd å tenke over og undersøke dette før vi endeleg vedtok det.

STORKOMMUNE

Saman med Ål, Hol, Nes, Flå og Hemsedal utgjer Gol Hallingdalen, og kommunane har eit felles regionråd. Sjølv om regionssamarbeidet fungerer bra, har spørsmålet om kommunesamanslåing kome sterkt på banen også her.

Regionrådet har via sitt samlingspunkt, Hallingtinget, blitt samde om å utgreie kva slags kommunemodell Hallingdalen kunne ønske seg. Gol-ordføreren innser at det blir litt spesielt for kraftkommunane Hol og

Ål, som sit med store kraftinntekter som truleg måtte leggjast i ein felles kommunekasse, viss regionen i framtida går over til å bli ein storkommune. Ho innser òg at ho, som ordfører i den kommunen som ligg plassert midt i regionen og derfor lett kan sjå seg sjølv som eit naturleg sentrum, kan mistenkast for å ha ein agenda. Likevel seier ho at ho personleg vil vere positiv til ei kommunesamanslåing viss det kan styrkje Hallingdalen.

– Regionsamarbeidet fungerer bra på alle nivå, og vi har mange interkommunale selskap i Hallingdalen. Men noko av lokaldemokratiet blir vaska ut med alle dei interkommunale selskapa, og eg trur sjølvstyret kan ta seg opp att viss vi blir ein kommune.

Grønset Granli meiner ein storkommune i Hallingdalen vil gjere det lettare å løyse utfordringar knytte til kompetanse, og at brukarane vil få eit betre tilbod generelt.

Fryktar konsekvensane

Høgre fryktar konsekvensane av at Gol, som einaste kommune i Hallingdal, no innfører eigedomsskatt.

TOYNI TOBEKK

toyni@norsk-plan.no

No er dei redde eigedomsskatten vil skape konkurransevanskar for reiselivsnæringa i Gol, men òg at heile kommunen skal bli stilt i eit negativt lys.

– Gol er ein kommune som allereie slit med å få etablert meir næringsliv, med slit med mindre etablering enn på lenge, seier Steinar Medhus i Gol Høgre. Høgre stemte saman med Frp og Senterpartiet mot å innføre full eigedomsskatt då saka var oppe i Gol for eitt år sidan, men tapte avstemminga med 10 mot 11 stemmer.

Medhus er også kritisk til prosessen

i forkant av avgjerda og meiner mellom anna at politikarane har fått alt for lite informasjon om kva konsekvensane av dette vedtaket vil bli, og kva kostnader det vil medføre for Gol, både i reine pengar og for omdømmet til kommunen.

UTGIFTER

– Eigedomsskatt er ikkje berre ei inntektskjelde. Det kostar å setje folk til å handtere eigedomsskatten, og vi får kostnader knytte til omtaksering av eigedommar.

I seinare tid har Medhus fått opplyst at eigedomsskatten heller ikkje kan opphevast før etter ti år, noko han meiner burde vore opplyst før politikarane bestemte seg.

Medhus vedgår at saka om eigedomsskatt ikkje har vekt store diskusjonar blant innbyggjarane, men trur dette mellom anna heng saman med at folk har fått for dårleg informasjon om kva eigedomsskatt inneber for kommunen og for innbyggjarane.

KAN SNU

Saka er enno ikkje heilt avgjord, men skal slutførast i handsaminga av budsjettet på eit kommunestyremøte før jul. Medhus meiner det enno er mogleg å snu, sjølv om partiet hans ikkje har kome opp med alternative inntektskjelder.

–Vi forstår at det er vanskeleg når fylkesmannen ikkje vil gje kommunen økonomisk hjelp i form av meir i rammeoverføringar før vi har tatt ut alle mulegheitene vi har. Dette minner om tvang frå den sitjande regjeringa av typen –"vil du ikke så skal du". Vi meiner det må finnast annan råd – det er ikkje alvorlege problem for budsjett 2011 – det er langtidsbudsjettet med dei investeringane som kjem i åra framover som tyngjer mest – og her finnst det alternative løysningar, som allereie er kjent for administrasjon og det politiske miljøet.

SAGT OM HALLINGDAL:

– Gode ideer har større sjanse for å bli belønnet hvis de oppstår i Hallingdal enn i Drammen.
Flemming Wagner til Drammens Tidende

– At det har tatt 70 år å gjøre noe med det, det er altfor lang tid.
Statsminister Jens Stoltenberg om utbygginga av riksveg 7 til nrk.no



TILBOD: Du kan gå mange mil på ski i Golsfjellet. (Foto: Arne Nibstad)

Ikkje vinter lenger

Gol som vintersportsstad satsar ikkje på adrenalinkick og svarte alpinløyper, men meir på familievenlege aktivitetar i fjellet.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Tidlegare kunne Gol leve godt på turistar som overnatta i kommunen og reiste til naboen Hemsedal for å gå på ski.

–Vi lente oss nok litt tilbake ei tid og kvilte for mykje på denne innarbeidde ordninga, seier dagleg leiar Gro Hjelmen i Gol Reisemål.

Slik er det ikkje lenger. Hemsedal har satsa hardt på vintersport og kan huse turistane sine sjølve i langt større grad.

MINDRE ANLEGG

Det betyr ikkje at ein ikkje kan drive vintersport i Gol lenger, men alpinanlegga her er mindre enn dei ein finn hjå naboane. På godt og vondt, for der ein hjå andre finn mange og krevjande løyper, slepp ein i Gol å vere redd for at ungane skal gå seg vill i heismylderet, seier reiselivssjefen. Og kommunen har 160 km langrennsløyper å skilte med, så vintertilbodet er der. Men Gol har valt å vende reiselivsblikket ut over vintersesongen, og Gro Hjelmen fortel at ein no i langt større grad vil marknadsføre seg som eit heilårs reisemål med fokus på familiar og mjukare utfordringar.

–Vi ønskjer mellom anna å leggje fjellet til rette for familiar. Til dømes ser vi for oss ein olabil-bane i staden for ein bob-bane, seier ho.

I denne banen skal ein ta heisen opp i fjellet og køyre olabil ned att. Prinsippet blir altså det same, men reisa blir noko annleis.

FOR ALLE

Hjelmen viser òg til eit nytt prosjekt, "Ein sti av lys", der ein vil leggje til rette for opplyste turløyper som kan brukast av alle som vil ferdast til fots, til dømes folk med barnevogn, og rullestolbrukarar.

Ho seier det er viktig at folk kan ferdast trygt i fjellet og i sentrum både om dagen og om kvelden. Derfor blir det jobba med å få til fleire lysløyper, og mange har lagt ned mykje arbeid i skikkeleg merking i fjellet.

– Her har vi laga eit system som er slik at ein i alle løypekryss ein kjem til, vil finne eit tal og ein bokstav. Desse finn du òg att på kartet, og her vil du kunne lese av kor langt det er til neste kryss. Vi har dessutan fått til ei GPS-merking på karta våre, som Raudekrossen er spesielt fornøgd med.

MEIR SOMMAR

Gol er den ellefte største reiselivsdestinasjonen i Noreg og hadde 335 000 overnattingsdøgn i 2009. Nær ein tredel av desse er i sommarmånadane juni, juli og august. Aktiviteten har med andre ord gått monaleg ned om vinteren og auka kraftig om sommaren.

–Vi har jobba mykje med sommarprodukta våre, seier Hjelmen og syner til at mellom anna vandring i fjellet på hausten er blitt sær populært. Dette er eit tilbod til folk som treng rekreasjon og å kome vekk frå ein travel kvardag, meiner ho.

PRIS FOR GOD SPRÅKBRUK

Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) gjev annakvart år ein pris for god språkbruk til ei offentlig verksemd, ei bedrift eller ein einskildperson som har fremja nynorsk språk og kultur.

Prisen skal delast ut i samband med landstinget på Sand i Ryfylke 28. – 29. april 2011.

Tidlegare har Ullensvang herad, Fylkesmannen i Rogaland, Vågå reiselivslag, Sogn og Fjordane Idrettskrins, Fjell kommune, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, Arne Brimi, Lotteritilsynet, Odd Nordstoga, Per Gynt-stemnet og Hordaland Teater fått prisen.

Dersom du veit om nokon som fortener prisen, send forslaget ditt med grunngjeving til:

LNK, Postboks 7044, St. Olavs plass, 0130 Oslo,
eller: post@LNK.no

Frist for innsending av forslag:

18. februar 2011



Vernar om kulturarven

Saueskinnsfellar er tufta på eldgamle tradisjonar som blir haldne i hevd av lokale skinnfellmakarar. Fellane har no blitt populære dyner og sengetepper hjå folk på Gol.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Folk lurar ofte på om skinnfellen klør når du skal ha han på kroppen, men det gjer han ikkje, forklarar skinnfellmakar Tiffany Foss Fagan i Gol. Snarare tvert om, saueskinnsfellar har dei same gode eigenskapane som helsetrøyer: Fordi luft får rom mellom håra, vil fellen syte for at du held på kroppstemperaturen din anten det er pluss- eller minusgrader rundt deg. Slik sett er saueskinnsfellen svært godt eigna som dyne. For sjuke folk kan fellen vere eigna som liggeunderlag og kan motverke liggesår.

Tiffany Foss Fagan har no jobba som skinnfellmakar i sju år. Ho kom til bedrifta i Gol som lærling og gjekk i skule hjå Li Simon Dahl, som blir skildra som ein guru på området. Li Simon Dahl og ekteman-

nen Vult Simon tok fatt i den gamle og utdøydd skinnfelltradisjonen då dei kom til Hemsedal for ca. 60 år sidan. Der bygde dei opp Skinnfellgarden. For 10 år sidan starta Li Simon og Tiffanys onkel, Runar Foss, Skinnfellmakern ANS på Gol, der Tiffany og onkel Runar no arbeidar saman og fører den gamle tradisjonen vidare.

HANDSAUM

– Store skinnfellar er hovudproduktet vårt. Vi lagar òg jakker og hovudplagg i saueskinn som er utsmykka med trykkblokkmønster.

For å lage ei dyne trengst det mellom fire og ti lausskinn som blir sydde saman til eitt stort. All saum blir gjort for hand, og etterpå blir fellen dekorert med skinnfellroser. Her blir det brukt kopiar av gamle originalstempel, og det er ikkje tilfeldig kva ein fell blir dekorert med, fortel Tiffany Foss Fagan.

– Her er mykje symbolikk. Bordane rundt fellen symboliserer vatn, medan det midt i fellen skal vere ei sol. Sol og vatn saman blir som kjent liv. Symbola er ofte brukte i norrøn mytologi.

LOKALE DYR

Skinnet dei lagar feller av, kjem frå lokale dyr av rasen Gamalnorsk spælsau. Skinnfellmakarane hentar dyr frå lokale besetningar i Hallingdal, og alle dyra kjem frå utegående besetningar. Dyra blir slakta i Gol og skinna preparerte hjå ulike leverandørar utanfor Hallingdal. Skinnfellmakarane får fellane tilbake ferdig garva og klare til trykk og saum.

– Vi får berre økologisk garva skinn, og det betyr mykje for oss. Då kjenner vi oss trygge på at det ikkje finst giftstoff i skinna.

HUNDRE ÅR

Ein saueskinnsfell bør kunne vare i hundre år. Foss Fagan viser til ein fell ho eig, som er datert 1852, men som framleis er fin både i skinn og i trykkfarge. Før bruka ein oresaft og blod til farging, men no blir det brukt syntetiske fargar som tåler sollys, bruk og reins.

– Det er viktig for oss å gjere dette på gamlemåten og slik halde tradisjonane i hevd. Derfor bruker vi trykkblokker som er tufta på dei gamle, og all saum er gjort for hand. På dette viset kan eg få gje mitt bidrag til å halde i hevd ein svært gamal kulturarv, seier skinnfellmakar Tiffany Foss Fagan.



TRADISJON: Tiffany Fagan Foss er skinnfellmakar, eit handverk med djupe røter og lange tradisjonar. (Foto: Skinnfellmakern)

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

Glad for vegutløysing

Gol kommune har i mange år kjempa for å få ein beinveg mellom Sokna og Ørgenvika på rv. 7. Dette er ei strekning som har vore ein dårleg og farleg veg, slik statsminister Jens Stoltenberg uttrykte det til NRK då han var på synfaring der i haust. No er det vedteke at vegen skal byggjast.

– Dette er eit prosjekt med utruleg mange år bak seg. Den nye vegen vil gje oss ei innsparing på ein halvtime når vi skal køyre til Hønefoss og Oslo, seier ordførar Olaug Grønset Granli. Det blir byggjstart i 2011, og vegen skal vere ferdig i 2014. Vegen skal finansierast med bompengar.

PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Toyni Tobekk på tlf. 52 79 04 82 eller pirion@norsk-plan.no

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?



**KULTURFORMIDLING FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SMÅSKULE
OG ELLES ANDRE SOM ARBEIDER MED SMÅ BARN**

Nynorsk litteratur i mengder

Dersom du handla i ein butikk på Stord under Falturiltu, kunne du rekne med å få litteratur på kjøpet.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Festivaldiktar Hans Sande fortel korleis han ein dag stod i ein daglegvarebutikk og såg på ei vare, då han oppdaga eit lite skilt med følgjande tekst på: Hugs mjølk, ost, kaviar og tilgjeving.

Diktet er Sande sitt eige og er eitt av fleire som vart strødde rundt på Stord under Falturiltu-festivalen.

TRE VEKER

Falturiltu er den einaste festivalen for nynorsk barnelitteratur i landet. Studentar ved Høgskulen Stord/Haugesund sette også opp Sande-musikalen Slangen

i graset. Etter premieren, som vart vist for medstudentar og elevar frå barnehage og småskule i nærleiken, kunne Sande slå fast at studentane hadde kome godt frå det. Trass i noko språkleg rusk meinte forfattaren at elevane hadde laga ei flott framsyning. Så godt som heile skulen har vore involvert i oppsetjing av musikalen, frå produksjon av tekst og musikk til scenografi, kostyme og framføring, og alt har skjedd på tre veker.

MIDTPUNKT

Elevane frå kunst og handverksklassen har dessutan illustrert fleire av Sande sine bøker, mellom anna ei ny bok om Arkimedes og Eureka som ikkje kjem ut før i 2012. Utstillinga av illustrasjonane vart opna av forfattaren sjølv, og ein gjeng 5- og 6-åringar frå naboskulen fekk dessutan ei god og grundig omvising av kunstnarane.

Hans Sande sin jobb som festival-diktar var likevel ikkje ferdig etter musikalpremi-



PÅ SCENA: Frå oppsetjinga av *Slangen i graset*. (Foto: Toyni Tobekk).

eren og utstillingsopninga. Etterpå venta fleire opplesingar rundt om på institusjonar, og han hadde i tillegg i oppgåve å innleie eit litterært seminar. Det er meir med jobben som festivaldiktar enn å berre vere eit strålende midtpunkt, som Sande sjølv skildrar det.

KAN VEKSE

Denne Falturiltu-festivalen er den fjerde i rekka, og Kristine Torkildsen i festivalleiinga er svært fornøgd med at Stord får vise seg fram som ny-norskommune på denne måten.

– I år hadde vi 15 forfattarar og eit variert program å by på, seier Torkildsen. Ho meiner festivalen har eit potensiale for vekst også framover, og peiker på at det å nå ut over kommunegrensene med tilbod til nabokommunar er eit mål å jobbe mot.

– Samstundes kan det hende vi kjem til å ha færre forfattarar kvart år enn vi har no, og heller la kvar forfattar få fleire oppdrag når dei først er her.

BEGEISTRING

Torkildsen er glad for at Falturiltu-festivalen får høve til å løfte fram Hans Sande sin forfatterskap. – Som han seier sjølv, så er han ikkje nokon kjendis. Men vår erfaring er at barnehagar og skular som blir kjende med forfatterskapen hans, blir svært fascinerte og begeistra. Vi ønskjer å vere med og løfte denne forfattaren enno meir fram i lyset.

Sande har gitt ut 45 bøker, dei fleste av dei for barn. Forfattaren er i tillegg kunstnar og hadde ei utstilling på Stord kulturhus under festivalen.



Jan Olav Fretland
- førsteamanuensis
i norsk

SPRÅKRÅD

Jul i husa hans Mammon

Eg sette meg til her ein kveld og las gjennom 10-12 brosjyrar som burde inspirera meg til julehandel. Men trælane hans Mammon gjekk på ein skivebom, rett og slett. Sperrane stod i kø då gamle Fretland var ferdig. For det fyrste så renn det inn med bokmålsark i nynorskbygda Lærdal. Ikkje eitt ord på nynorsk fann eg i bunken. Men dei reklamerte no for butikkar i fjerne himmelstrok, som Sogndal og Førde, det forklarar mykje. (Viss du ikkje skjønnte det, så var dette ironi.)

Det er gale nok med språkforma, men så er det språket, då. Kor platt og åndlaust må ein skriva når ein skal skapa ein lykkerus av kjøpelyst og pengebruk hjå kundane? Høyr berre: Plantasjen jublar om Mer jul til folket. Det kan aldri bli for mye jul – Tenk på alle – Det skal bugne – Det er Jul! Ikkje nett inspirerande. Kanskje Elkjøp var betre, men nei: Vi gir nissen en hjelpende hånd. Harde pakker – lave priser, Vi starter julen nå med julegavehus stappfulle av gaver. En fet TV til alle julefilmene. Stopp litt, der var det noko. Skal ikkje alle tv-ar vere syltynne no? Oldis, seier studentane til meg, for fet betyr visst ikkje feit meir.

Jysk satsar mest på pris og er minst like kjedeleg som dei andre: Stort utvalg av julegaver. Kjøp julegaven til januarpris. God jul med gode priser. Julen starter hos Jysk. Men langt nede på ei side dukka det endeleg opp noko interessant. Me kan skaffa oss ein julehotspot. Ja, no kan du lura. Eg slo opp og fann ut at hotspot kan vera anten ein «heteflekk», vulkansk kjerneområde med diameter 100–200 km, eller, for å sitera ordboka direkte: a site that offers Internet access over a wireless local area network through the use of a router. Men det var truleg feil ordbok, for hotspoten syntte seg å vera det me før kalla ein sakkosekk, og som Jysk no kallar sekkestol.

Meny ropar Lenge leve juletradisjonene – Gilde julepølse. Ribbe på alle julebord. God julemorgen (om osten dei byr fram). Og så har me alle dei seriøse som med handa på pengepungen melder: Vi tuller ikke med julematen, derfor lager vi pinnekjøttet selv. Slik radlar det av garde i hytt og gevær, eg får ikkje lyst å handla. Kjære Mammon! Når du instruerer undersåttane dine, kan du ikkje tenkja litt på dette: At me her omkring blir mykje meir kjøpesugne viss dei skriv til oss på målet vårt. Og: Kunne du hyra ein forfattar til dei, så me vart møtte med spretne juledikt og morosame overskrifter? Viss du ordnar dette til neste år, lovar eg å kjøpa minst to hotspotar!

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

 FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som
di nye startside. Meir info her:
www.startsida.no/egen



ÅRETS KULTURSKULEKOMMUNE

- Prisen blir delt ut årleg av Norsk kulturskuleråd etter innstilling frå ein jury som går gjennom prioriterte forslag frå fylkesavdelingane til Norsk kulturskuleråd.

- Ti kommunar har fått prisen før Fjell. Fjell er den første kommunen i LNK-sambandet som får utmerkinga.

- Prisivinnaren blir rekna som ein føregangskommune i kulturskulearbeidet.

- Kulturskulen i Fjell har i dag 570 elevplassar. Skulen jobbar tverrkommunalt med nabokommunane Sund og Øygarden.

SONGGRUPPE: Kulturskulelærar Åsbild Eriksen (t.h.) over inn Englenes sang med songgruppa si i Fjell. (Foto: Ingrid Hillestad).

Pris for satsing på kulturskulen

Julesong, trommespel, babylydar og stille konsentrasjon set sitt preg på tysdagskvelden til kulturskulen i Fjell vest for Bergen. Ein stolt rektor viser rundt i lokala til Årets kulturskulekommune.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no

Fjellordfører Eli Årdal Berland, skulesjef Ellen Margrethe Hansen og kulturskulerektor Bjørn Andersen er nett komne heim til hordalandskommunen med prisen for Årets kulturskulekommune i bagasjen. Saman med fagleiar Roger Martin har rektoren over fleire år jobba målretta for å byggje opp kulturtilbodet som denne hausten fekk ein samstemd jury i Norsk kulturskuleråd til å sjå vestover. Prisen blei høgtidleg overrekt i Fredrikstad av kunnskapsminister Kristin Halvorsen. Eit kvalitativt breitt og godt tilbod, eige kulturskulebygg, mange heiltidsstillingar, låge skulesatsar og gode moderasjonsordningar er mellom det juryen trekkjer fram i grunngevinga si.

RAUSE POLITIKARAR

I motsetnad til i mange andre kommunar har nedskjering og kutt i kulturskuletilbodet i vekstkommunen Fjell aldri vore tema i kommunestyret. Andersen opplever at gode kommunebudsjett dei siste åra, saman med politisk vilje til å satse på barn og unge, skaper handlingsrom for rektor, fagleiar og lærarar i kulturskulen.

– Eg veit at kulturskulane mange stader slit med dårleg kommuneøkonomi og med å få politikarane med på laget, og det er eg audmjuk for, påpeiker rektoren i Fjell, som kjenner seg privilegert.

GOD KUNSTUNDERVISING VIKTIG

Kommunen, som er ein del av øysambandet Sotra, ligg godt over landsgjennomsnittet

når det kjem til talet på barn og unge samanlikna med befolkninga elles. Folketalet veks jamt og trutt år etter år i kommunen. Slike ønsketilhøve kan også by på utfordringar i organiseringa og planlegginga av kulturtilbodet for dei unge, når målet er at alle skal få plass. I 2004 løyvde politikarane pengar for å få vekk ventelistene ved kulturskulen. No er det igjen tendensar til ventelister, og målet er å fjerne desse i løpet av eit par år.

– Kvifor er det viktig med ein god kulturskule?

– Det viser seg at elevar som får god undervising i kunstfag, gjer det sterkare i andre fag, til dømes i matematikk og norsk. Eg trur dette heng saman med at ein lærer å gå i djupna gjennom kunstfaga, og ein lærer også at ein må øve på ting. Gjennom kunstaktivitet utviklar ein både intellektuelle, sanslege og praktiske evner, reflekterer Andersen.

EIGE HUS

Den nedlagde skulen på Knarrevik i Fjell er gjort om til kulturskule. Her er det dansesal, kunstsalar, bandrom, øvingsrom, kontor og lager. Denne kvelden strøymer det høgstemt julesong ut i korridorane frå eitt av romma, babylydar og gitarspel frå eit anna. I bandrommet blir eit trommesett varma opp, og ned ei trapp sit ein kunstklasse og formar Rudolf-skulpturar. At både aktivitetar, utstyr, elevar, lærarar og administrasjon flytta inn i nyoppussa lokale i 2007, har gitt skulen eit løft. Dette har også hjulpet kulturskulen til å utvikle seg i retning av eit kommunalt og regionalt ressurscenter.

ALLE ALDRAR

Aktivitetane i kulturskulen i Fjell stoppar ikkje ved dei aller yngste, sjølv om det er dei som skaper liv i lokalet denne kvelden.

– Vi har også ansvar for Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken og Ungdommens kulturmønstring, held rektoren fram.

Deltakarane i Fjell kulturskule er frå



UNGE TALENT: Kunstlærer Monica Masella lærer unge talent å forme leirskulpturar. (Foto: Ingrid Hillestad).

0 til 100 år. Korøving på sjukeheimar er mellom tilboda for dei som nærmar seg 100. Ved at administrasjonen i kulturskulen tar ansvar for andre kulturaktivitetar, får nye samarbeid og relasjonar oppstå. Samarbeidet mellom kulturskulen, Den kulturelle skulesekken og Edvard Grieg sin heimstad på Trolldhaugen har rektoren til dømes samla i ein ny sekk som han kallar Fjellsekken. Og gjennom kulturskuleelevane sine framsyningar rundt på institusjonar i kommunen veks ei kopling mellom Den kulturelle spaserstokken og kulturskulen fram.

– Å tenkje tverrfagleg er viktig. Gjennom samarbeid skaper vi ein heilskap. Dette gjer det også lettare å søkje om midlar, held rektoren fram.

KOMMUNANE SAMARBEIDER

Samhandlinga strekkjer seg også til andre

etatar i kommunen, som barnevern og vaksenopplæring, og til nabokommunane Sund og Øygarden. Gjennom felles administrasjon i Fjell og ved å bruke dei same lærarkreftene har fleire lærarar kunna få så store stillingar dei ønskjer. Nokre jobbar 100 %. Samarbeidet kommunane imellom gjer at ressursar blir betre utnytt, forklarer rektoren.

UTFORDRINGAR OG VISJONAR

– Kva blir utfordringane vidare?

– No har vi fått ei utmerking, og då gjeld det å ikkje sovne bak rattet. Vi vil halde fram med å gi det tilbodet vi har no, og samstundes utvikle det vidare, byrjar Andersen.

På planen i næraste framtid står mellom anna kompetanseutvikling for lærarane. Nytt er også ei mentorordning for nye lærarar. Tilbakemeldingane på dette er så langt positive: nye lærarar kjenner seg mindre åleine med oppgåvene.

Konkurransen frå private kulturaktørar er ei anna utfordring for den kommunale kulturskulen.

– Korleis vil de møte auka konkurranse om elevane?

– Gjennom kvalitet, kjem det kontant frå både rektoren og fagleiaren.

– Kvar er kulturskulen om ti år?

– Då har vi tilsett kunstterapeut og danseterapeut i tillegg til musikkterapeuten vi har no ved Senter for musikk og glede. Vi har fått eit endå breiare tilbod, og vi samarbeider meir med skule og SFO. Vi har fått større stillingsstorleikar i skulen, og elevane får undervising i nye fag som film, litteratur og sirkus. Undervisinga ved kulturskulen vil i endå større grad vere med på å styrkje elevane sine prestasjonar i grunnskulen, og vi vil også gjere integreringsprossar med elevar frå andre land lettare med det framtidige arbeidet vårt. Vi vil ha kvinner i burka med i prosjektet Musikkk ved byrjinga av livet, kjem det visjonært frå rektoren, som ikkje viser nokon teikn på å ville la prisen frå kunnskapsministeren bli ei kvilepute.

**Marita Liabø
Jenny blir knallhard**

Herleg bok om å utfordre seg sjølv!

Illustrert av Eivind Gulliksen.

Målgruppe: 8–12 år.



Kr. 199,-

**Lars Mæhle
Harry og Ivar tryllar jula inn**

Illustrert av Per Dybvig.

«Den beste Harry og Ivar hittil!»
Sindre Storløkken, Aura Avis



Målgruppe: Frå 6 år.




Kr. 179,-

**Robert Muchamore
Rekrutten**

**Robert Muchamore
Kokainkongen**

Spennande agentserie endeleg på norsk!

Målgruppe: Frå 10 år.




Kr. 179,-

Kr. 179,-

**Maria Parr
Tonje Glimmerdal**

Kritikarprisen, Teskjekjerringprisen, Brageprisen 2009 og LUCHS 2010 for årets beste barnebok i Tyskland! Finst òg som lydbok.

Målgruppe: Frå 6 år.




Kr. 249,-

**Hilde K. Kvalvaag
Fengsla**

Sterk ungdomsroman om å gå over egne grenser
«... en av landets fremste ungdomsbokforfattere.»

Geir Vestad, Hamar Arbeiderblad

Målgruppe: Ungdom.



Kr. 249,-

**Asbjørn Rydland
Drakeguten**

Årets beste fantasy!

Målgruppe: Ungdom.



Kr. 279,-

**Marit Kaldhol
Søkeord: ayotzintli**

Om eit sjølv mord, og om kvifor livet er verdt å leve.

«Trygg og presis Kaldhol om sterkt tema»
Ingeborg Mjør, Dag og Tid

Målgruppe: Ungdom.




Kr. 249,-

**Ingelin Røssland
Engleslakt**

Siste bok i rå trilogi om journalistspira og bråk-makaren Engel Winge!

Målgruppe: Ungdom.



Kr. 249,-

aktuelt: Bente Riise



Aktuelt: Bente Riise
Bur: Rodeløkka i Oslo
Aktuell: Redaktør for tidskriftet Syn og Segn, som nyleg vart kåra til Nordisk tidskrift 2010.
Språk: Nynorsk
Alder: 48 1/2

Bente Riise vil gjerne skape eit tidskrift for både unge og eldre stemmer. Det blir ho heidra for.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Korleis er det å bli heidra med tittelen Nordisk tidskrift 2010?

Det er sjølvstas, eller mykje coolt, som den finske kulturministeren sa under prisutdelinga. I vår fekk vi prisen Årets tidskrift, og no den nordiske. Eg håper prisane medverkar til at fleire blir nysgjerrige på Syn og Segn, og at dei kjøper bladet eller blir abonnentar.

Kva er det som gjer Syn og Segn prislønt?
Då siterer eg den nordiske juryen, som seier at Syn og Segn er eit moderne og

Fleirstemt tidskrift

aktuelt tidskrift, at det inneheld interessante, velskrivne, grundige og personlege artiklar. At det er stor breidd i sjanger og tema, og at ein får lyst til å lese meir og tenkje vidare sjølv. Sjølv vil eg leggje til at det er eit tidskrift med humor, og at vi stadig overraskar med val av tema og folk.

Kva tidskrift tek Syn og Segn mål av seg å vere?

Syn og Segn er eit allmennkulturelt tidskrift som tar opp tema innan kultur, politikk og samfunn. Med ei så romsleg ramme bør det helst vere eit bra spenn i tema, noko eg heile tida jobbar med. Målet er å gje ut godt og interessant lesestoff på nynorsk som når ut til mange.

Kva er den viktigaste samfunnsrolla til Syn og Segn?

Ho har endra seg over tid. På syttitalet var Syn og Segn primært eit tidskrift for gymnasiastar som skulle bli gode stilskrivarar. No er lesarane vaksne og vel så det, men framleis er Syn og Segn eit nynorsk stilideal og ein viktig publikasjon for folk som vil lese godt nynorsk språk, anten ein er lærar, student eller generelt meir enn normalt opptatt av kultur og samfunn.

Er det levekår for smale tidskrift her i landet?

Ja, men ikkje gode nok, om du tenkjer på

offentleg støtte. Mange tidskrift blir laga på dugnad. For å lage kvalitetstidskrift må ein ha ressursar og krefter til å gjere det over tid. Difor er det dei forlagseigde tidskrifta som overlever, eller andre som har ein god eigar i ryggen. No håper eg at fleire vil lese tidskrift framover.

Skal tidskriftet vere ein kanal for å få fram nye stemmer?

Ja, det er viktig å leite etter både nye og unge stemmer. Syn og Segn har i alle år vore ein stad der folk har debutert som skribent, for seinare å bli forfattar, formidlar og deltakar i det offentlege ordskiftet på ulike felt. Men vi har ikkje berre unge, vi har også mange av dei etablerte skribentane og forfattarane. Eg vil helst ha eit fleirstemt tidskrift som treff mange.

Kva er nynorsken sine største utfordringar no framover?

Eg synest det er trist å sjå at så mange byter til bokmål. Det er ei stor utfordring å vise at nynorsk er eit godt og funksjonelt språk ein kan leve med heile livet. Nynorsk har eit omdømeproblem, det trengs ein langsiktig strategi for å endre det. Målrørsla verken kan eller skal gjere denne jobben aleine.

Kva kan ein gjere for å styrkje nynorsken?
Vi må vise at nynorsken kan brukast til alt, heile tida. Rikspressa må parkere



Terje Tørrisplass

(f. 1957) bur på Bromma i Hallingdal. Han debuterte med diktsamlinga *Eg bygger ikkje byar* i 2010.

Foto: Tove K. Breistein

debutanten

SPØRSMÅL OM AUTORITET

Kvifor måtte eg gå vegen om tvil som kunne stuft frå denne verda som eit kronblad av kvitveis ei trille i svarttrøstens song.

Samlaget 2010

den forelda anti-nynorskpolitikken sin. Vi må sørje for at det offentlege lagar ein framtidsetta språkpolitikk. Eg synest at barnehagar og skuleverk må få konkrete tiltak og handlingsplanar for nynorsk. Vi må hindre overgang til bokmål. Det må også bli lettare for vaksne å halde på nynorsken i arbeidslivet. Heldigvis ser vi små teikn til at delar av fagrørsla engasjerer seg, men det er langt att.

Kva trur du om framtida til tidskrifta, ikkje minst kontra nettutviklinga?

I dag er tendensen at papiravisene mister opplag, og at spesialpressa veks. Aviser som Klassekampen, Morgenbladet og Dag og Tid veks. Folk som vil ha fordypping i emne og tema dei er særleg interesserte i, kjøper no spesialpublikasjonar og tidskrift. Mangfaldet kjem til å bli større, og delar av dette mangfaldet blir å finne på nett, også tidskrifta.

Vil lesarane ha tidskrift også i framtida?

Dei vil ha det dei er opptekne av. Er dei interesserte i politikk, kjem dei til å lese om politikk i framtida også. Eg trur at fleire tidskrift vil bli å kjøpe på nettet framover, sjølv om papirtidskriftet framleis står støtt lenge enno.

LØLAND UNDER TREET I ÅR?



GODE TILBOD PÅ BØKER AV RASMUS LØLAND – OPP TIL 40% RABATT

Ta kontakt på
post@nashornet.no
eller tlf. 52 79 29 63